



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 62

(2001-2002)

Om lov om oppheving av lov om erverv av næringsverksemd

*Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet av
12. april 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

1.1 Samandrag

Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om å oppheve lov 23. desember 1994 nr. 79 om erverv av næringsverksemd (heretter kalla ervervslova).

Ervervslova har eksistert sidan 1. januar 1995 og erstatta i si tid reglane i industrikonsesjonslova frå 1917 som påla utlendingar og utanlandske rettssubjekt plikt til å søkje om konsesjon ved kjøp av fast eigedom i Noreg. Denne lova vart avskaffa i samband med at Noreg vart med i det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS), og derfor måtte ta bort føresegner som diskriminerte utlendingar. Ervervslova gjer det mogleg for norske styresmakter å kontrollere oppkjøp av næringsverksemd over ein viss storleik gjennom meldplikta til Nærings- og handelsdepartementet.

Forslaget om ei oppheving av ervervslova byggjer på eit høyringsbrev frå departementet som vart sendt på høyring i desember 2001. Utfallet av høyringsrunden viser at departementet har fått brei støtte til forslaget om å oppheve ervervslova. Både vår eiga evaluering av lova og også dei fleste tilbagemeldingane frå høyringsinstansane, med unntak av arbeidstakarorganisasjonane, viser at det er lite behov for den type regulering som ervervslova gir. Ervervslova er òg eit særnorsk fenomen, og andre land som har hatt liknande ordningar, har oppheva dei. I staden for å halde fast ved reguleringar som det viser seg å ikkje vere behov for, må styresmaktene heller bruke kreftene på positive verkemiddel for å betre rammevilkåra for næringslivet. Vi må sørge for at Noreg er attraktivt både for nyetablering og investeringar i eksisterande næringsverksemd.

Forslaget om å oppheve ervervslova er òg eit resultat av regjeringa sitt arbeid med regelforenkling for næringslivet og ei oppfølging av den politiske budskapen i Sem-erklæringa om at unødvendig regelverk bør fjernast for å minske reguleringa av kvardagen til enkeltmenneske og bedrifter. Det er ikkje minst viktig for at bedrifter skal kunne konsentrere innsatsen om produktiv verksemd. Ei oppheving av ervervslova er òg eit bidrag til ei «opprydning» i forvaltninga som medfører at vi fjerner unødvendig offentleg byråkrati.

1.2 Disposisjon

I kapittel 2 er bakgrunnen for forslaget om oppheving av ervervslova omtala, medan det i kapittel 3 er gjeve ei omtale av norsk konsesjonslovgiving og ervervslova. I kapittel 4 er det gjort greie for dei erfaringane departementet har hatt med ervervslova. Kapittel 5 inneheld ei oversikt over hovudtrekka i norsk næringsliv. I kapittel 6 blir det gjort greie for anna lovverk som grensar opp til ervervslova, og om plikta til å søkje konsesjon etter konsesjonslova frå 1974 ved eit bortfall av ervervslova. Kapittel 7 inneheld ei omtale av relevante folkerettslege avtalar, mellom anna EØS-avtalen. I kapittel 8 gjer departemen-

tet greie for grunngivinga for å oppheve ervervslova. Forholdet til dei tilsette ved ei oppheving av lova og omsynet til beredskapen, vert omtala her. I kapittel 9 er det gjort greie for sjølv lovforslaget om opphevinga og forholdet til eldre konsesjonar med vilkår o.a. Kapittel 10 inneheld ein omtale av dei økonomiske og administrative konsekvensane av forslaget om å oppheve lova.

2 Bakgrunnen for forslaget

2.1 Innleiing

For ei tid sidan sette departementet i gang ei evaluering av ervervslova. I evalueringsarbeidet har departementet særleg lagt vekt på kva behov det er for den type regulering som ervervslova gir. Erfaringane med ervervslova gjennom sju år, og med konsesjonssaker både etter industrikonsesjonslova frå 1917 og konsesjonslova frå 1974 før det, viser at det reelle behovet for å kontrollere eigarskifte er lite fordi det sjeldan er knytt dramatiske endringar til eigarskifte. Dei strukturelle endringane i næringslivet skjer først og fremst som følgje av endringar i marknadsforhold o.l. og uavhengig av eigarskifta. Behandling av ervervsmeldingane etter lova inneber betydelege kostnader både for næringslivet og det offentlege. Departementets vurdering etter evalueringa er at kostnadene i samband med meldeplikta langt overstig nytta av lova. Departementet har vidare vurdert alternative lovreguleringar til eksisterande lov, men utan at ein kunne tilrå nokon av desse, jf. kapittel 8.6. Det har og vore reist spørsmål om ervervslova er i strid med EØS-avtalen og dei pliktene Noreg har teke på seg i medhald av avtalen.

Resultatet av evalueringsarbeidet munna ut i eit høyringsbrev der ein foreslo at lova bør opphevast.

2.2 Høyring

Nærings- og handelsdepartementet sende 11. desember 2001 ut eit høyringsbrev med forslag til oppheving av ervervslova til desse institusjonane og organisasjonane:

- Departementa
- Akademikerne
- Aksjespareforeningen
- Advokatfirmaet Bugge, Arentz-Hansen & Rasmussen
- Advokatfirmaet Thommessen Krefting Greve Lund
- Advokatfirmaet Wiersholm Mellbye & Bech
- Den Norske Advokatforening
- Finansnæringens Hovedorganisasjon
- Handelens- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
- Kommunenes Sentralforbund
- Konkurransetilsynet
- Kredittilsynet
- Landsorganisasjonen i Norge
- Norges Forskningsråd
- Norges Ingeniørorganisasjon - NITO
- Norske Finansanalytikerens Forening
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Oslo Børs
- Riksrevisjonen
- Verdipapirsentralen

–Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Høyringsinstansane blei bedne om å leggje fram forslag om oppheving av lova for underliggjande etatar m.v. som saka kunne ha betydning for. Departementet har såleis teke imot svar frå Forbrukerrådet, Direktoratet for sivilt beredskap og Forsvarets overkommando - Sikkerhetsstaben.

Høyringsfristen blei sett til 3. februar 2002. Departementet har fått desse høyringssvara:

Barne- og familiedepartementet, Helsedepartementet, Utdanningsdepartementet, Utanriksdepartementet, Samferdslededepartementet, Den Norske Advokatforening, Forbrukerrådet og Kredittilsynet har ikkje merknader til forslaget om å oppheve ervervslova.

Olje- og energidepartementet, Fiskeridepartementet, Forsvarsdepartementet, Finansdepartementet, Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Landbruksdepartementet, Justisdepartementet, Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH), Oslo Børs, Norges Forskningsråd, Konkurransetilsynet, Advokatfirmaet Wiersholm, Mellbye & Bech, Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO), Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH), Landsorganisasjonen i Norge (LO), Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS) og Norges Ingeniørorganisasjon - NITO har alle hatt merknader til forslaget. Dei viktigaste merknadene blir kommenterte nedanfor under dei relevante kapitla.

Sosialdepartementet, Kulturdepartementet, Miljøverndepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Riksrevisjonen, Verdipapirsentralen, Akademikerne, Aksjespareforeningen, Norske Finansanalytikeres Forening, Advokatfirmaet Bugge, Arentz-Hansen & Rasmussen og Advokatfirmaet Thommessen Krefting Greve Lund har ikkje svara på høyringsbrevet. *Kommunenenes Sentralforbund* ønskjer ikkje å gi høyringssvar.

Berre LO, YS og NITO går imot forslaget om å oppheve ervervslova.

2.3 Utkast til lovproposisjon

Utkast til lovproposisjon har vore lagt fram for alle departementa. Vidare har utkastet vore til lovteknisk gjennomgang i Justisdepartementet.

3 Norsk konsesjonslovgiving og ervervslova

3.1 Historisk bakgrunn

Inntil 1888 hadde både utlendingar og innlendingar fri tilgang til å erverve eigedsrett og bruksrett til fast eigedom her i landet. Det året fekk vi den første konsesjonslova vår - statsborgarrettslova - som innførte ei generell konsesjonsplikt for utanlandske enkeltpersonar og selskap som erverva fast eigedom. Bakgrunnen for lova var først og fremst frykta for at framande land og statsborgarar skulle kjøpe opp store område i Noreg. Motiveringa som låg til grunn for statsborgarrettslova, kom snart i bakgrunnen til fordel for eit ønske om å bevare viktige naturressursar som vassfall, mineralførekomstar og skogeigedommar for landet sine egne borgarar. Dette vart også gjort synleg i lover frå byrjinga på 1900-talet.

Ved ein omfattande lovrevisjon i 1917 vart konsesjonsreglane for erverv av vassfall, bergverk og annan fast eigedom stramma inn. Innstramminga vart gjennomført ved at det vart gitt ei ny konsesjonslov i 1917 (industrikonsesjonslova). Ei viktig endring som følgde med industrikonsesjonslova, var at erverv av aksjar og partar i selskap vart underlagt konsesjonsplikt dersom selskapa hadde eigedsrett eller bruksrett som kom til å utløyse konsesjonsplikt ved direkte erverv.

Konsesjonsplikta etter industrikonsesjonslova gjaldt berre for utanlandske rettssubjekt som erverva fast eigedom, anten det var snakk om eit direkte erverv av fast eigedom eller indirekte gjennom erverv av aksjar i selskap som hadde eigeds- eller bruksrett til fast eigedom. Erverv av større eigardelar i bedrifter var òg konsesjonspliktig for nordmenn, dersom bedrifta hadde eit forhold til fast eigedom som utløyste konsesjonsplikt etter konsesjonslova frå 1974. Ervervslova avløyste konsesjonsbehandlinga etter føresegnene i industrikonsesjonslova av 1917 om erverv av fast eigedom og konsesjonsbehandling av bedriftserverv etter den allmenne konsesjonslova av 1974.

3.2 Lov om erverv av næringsverksemd (ervervslova)

Ervervslova tok til å gjelde 1. januar 1995. Etter at Noreg slutta seg til EØS-avtalen, var det ikkje lenger lovleg å halde ved lag eit diskriminerande regelverk med berre konsesjonsbehandling av utanlandske bedriftsoppkjøp i Noreg. I tillegg hadde det gamle konsesjonsregelverket vorte umoderne, mellom anna fordi det var tilknytning til fast eigedom som utløyste konsesjonsplikta. Det var derfor behov for å lage eit nytt og moderne lovverk som var betre tilpassa reguleringsbehovet i forhold til eigarskifte i næringslivet. Resultatet vart ervervslova. Ervervslova innebar ein viss grad av nyregulering av bedriftsovertakingar med norske kjøparar. Før ervervslova måtte norske kjøparar søkje konsesjon etter den allmenne konsesjonslova (lov 31. mai 1974 nr. 19) dersom dei erverva rett til fast eigedom over ein viss storleik. Dette er omtala nærmare i kapittel 6.3.

Ervervslova har ikkje eit klart definert formål verken i lova eller i førearbeida. Det følgjer av førearbeida at lova først og fremst skal dekkje dei behova styresmaktene har for kontroll og styring med eigarskifte i norsk næringsliv, vere preventiv overfor useriøse investorar, vere med på å halde ved lag sysselsetjing og busetjing i distrikta og sikre informasjon om eigarstrukturen i norsk næringsliv.

Ervervslova er basert på eit meldepliktssystem. Meldeplikt gjeld for dei som ervervar meir enn ein tredel, eller minst ein halvdel, eller minst to tredelar av alle eigardelar i eit norsk føretak. Erverv av aktiva som inneber overtaking av ei verksemd, medfører òg meldeplikt. Meldeplikta blir utløyst berre dersom det erverva føretaket har over 50 tilsette, eller ei omsetning siste år på over 50 millionar kroner, eller har motteke offentleg støtte til forskning og utvikling på over 5 millionar kroner til minst eit enkeltprosjekt gjennom dei siste åtte åra.

Ervervet skal meldast til departementet innan 30 dagar etter at bindande avtale om erverv er inngått. Meldinga skal innehalde opplysningar både om kjøpar og det oppkjøpte selskapet (målselskapet). I meldinga skal ervervar òg gi ei grunngiving for ervervet og gjere greie for kva ervervet kjem til å bety for framtidig verksemd og sysselsetjing.

Dei tilsette har rett til å uttale seg til departementet innan 30 dagar etter at departementet har motteke ervervsmeldinga. Ervervslova gir ervervar pålegg om å informere dei tilsette om ervervet, og at dei har rett til å uttale seg til departementet.

Etter at melding om erverv er motteken, har departementet ein frist på 30 dagar til å vurdere ervervet. Dersom styresmaktene ikkje finn grunn til å gripe inn overfor ervervet, vert ervervet rekna som godkjent når fristen har gått ut. Departementet har høve til å be om ytterlegare opplysningar dersom det er behov for det. 30-dagarsfristen skal først reknast frå det tidspunktet då departementet reknar ervervsmeldinga som fullstendig.

Dersom departementet har grunn til å tru at ervervet kan få vesentlege negative verknader for verksemda, bransjen, dei tilsette eller samfunnet elles, kan ervervet takast opp til ei nærmare prøving. Ei nærmare prøving inneber ein grundigare gjennomgang. I tillegg til at det vert innhenta ytterlegare informasjon frå ervervar, får dei tilsette, kommunen og fylkeskommunen der føretaket ligg, rett til å uttale seg til departementet. Etter at nærmare prøving er gjennomført, kan departementet godkjenne ervervet. §§ 16 og 17 i ervervslova gir departementet heimel til å setje vilkår, eller i yttarste konsekvens å nekte ervervet.

I meldepliktsperioden har ervervar avgrensa råderett over bedrifta. § 23 i ervervslova gir ervervar rett til berre å gjere disposisjonar som er i samsvar med forsvarleg drift, og å utøve passive eigarfullmakter i selskapet. Disposisjonar ut over dette kan ikkje setjast i verk utan dispensasjon frå departementet. Avgrensing av råderetten gjeld ikkje lenger når ervervet er godkjent av Nærings- og handelsdepartementet.

4 Erfaringar med ervervslova

Sidan ervervslova tok til å gjelde (perioden 01.01.1995 til 31.12.2001) har departementet mottoke melding om til saman 2147¹⁾ erverv. I snitt er ca. 300 ervervssaker behandla kvart år. Færrest ervervssaker mottok departementet i 1995 med 151 og flest i 2000 med 425.

Dei erverva verksemdene fordeler seg slik når det gjeld geografi, bransjar og storleik:

Tal frå ervervsregisteret viser at eit klart fleirtal av dei oppkjøpte verksemdene er lokaliserte i det sentrale austlandsområdet²⁾ og dei større byane i Noreg³⁾. Det gjeld ca. 65 prosent av verksemdene.

Fordelte på bransje driv under halvparten av verksemdene som har vore med i ervervsbehandlinga, ca. 41 prosent, innanfor ulike kategoriar av produksjon. Dei andre 59 prosentane tilhøyrrer tenesteytande næringar⁴⁾.

På dei sju åra lova har vore gjeldande, har departementet ikkje nekta å godkjenne nokon erverv. Totalt 13 erverv har vore oppe til nærmare prøving. I åtte av desse ervervssakene har det vorte stilt vilkår for godkjenninga.

Sakene som har vore oppe til nærmare prøving har fleire felles trekk, sjølv om det er stor variasjon både når det gjeld kjøpars verksemd og verksemda i dei oppkjøpte bedriftene.

Ti av tretten målselskap driv eksportretta industriell verksemd. I åtte av tretten saker var ervervaren utanlandsk⁵⁾. I sju saker vurderte departementet det slik at mykje var usikkert med omsyn til framtida, spesielt med tanke på å halde ved lag arbeidsplassar. I sju av åtte saker der det vart sett vilkår, vart det teke inn eit vilkår om reell prissetjing for å unngå tapping av den oppkjøpte verksemda (i dei andre berre føresetnader og ei «blank» godkjenning). I like mange saker vart det sett salsvilkår. Salsvilkåret går ut på at dersom heile eller vesentlege delar av verksemda skal leggjast ned, kan departementet påleggje eigaren å leggje forholda til rette for forhandlingar om sal til reelle interessentar. Ei eventuell overdraging skal skje på kommersielle vilkår slik at bedrifta ikkje skal seljast på «billigsal».

At berre 13 av godt og vel 2100 meldingar har vore gjennom nærmare prøving viser etter vår oppfatning at kontrollbehovet med eigarskifte i norsk næringsliv er lite. Erfaringane viser at dei strukturelle endringane i bedriftene først og fremst er knytte til andre forhold enn eit eigarskifte i bedrifta. Avgjerd om å leggje ned eller flytte norsk verksemd skjer først og fremst som følge av

¹⁾ Statistikken er basert på opplysningar frå ervervsregisteret, eit internt register departementet fører over opplysningar om dei innmelde erverva. Registeret har enkelte feilkjelder, men gir eit forholdsvis rett bilete av sentrale trekk ved dei erverva bedriftene i perioden 1995 til 2001. Opplysningane i registeret gir ikkje, og er ikkje meinte å gi, noko totalbilete av investeringar i norsk næringsliv.

²⁾ Oslo, Bærum, Asker, Lørenskog, Ski, Skedsmo, Oppegård, Lier.

³⁾ Bergen, Trondheim, Stavanger, Drammen og Kristiansand.

⁴⁾ Omgrepet tenesteytande næringar blir her brukt i ein vid forstand, som ei motsetning til typiske produksjonsbedrifter. Inkludert i omgrepet er for eksempel omsetning av fast eigedom og bygg- og anleggsverksemd.

⁵⁾ Med «utanlandsk» forstår ein her at det ervervande selskap er registrert i utlandet.

marknadsendringar som tvingar fram strukturendringar. Ervervslova som har lagt kontrollmekanismen ved eigarskifte, treffer derfor dårleg i forhold til å fange opp større endringar i næringslivet som til dømes nedlegging og flytting av verksemd.

Det er òg berre i eit fåtal saker at dei tilsette har nytta retten sin til å uttale seg til departementet, noko som kan tyde at det er lite behov for han.

Meldepliktsystemet i ervervslova har gjort departementet til ein aktør ved større eigarskifte og dermed gjort det mogleg for departementet å kommunisere med ervervaren og vere deltakar i ein prosess rundt oppkjøpet for å avdekkje kva for intensjonar ervervar har for bedrifta han overtek. Samtidig har det gitt departementet god førstehandsinformasjon om endringar, trendar og dynamikken i næringslivet.

I kapittel 8 er det ei nærmare grunngiving for departementet sitt forslag om å oppheve lova.

5 Hovudtrekk ved utviklinga i norsk næringsliv

Etterkrigstida har vore ein periode med økonomisk vekst i Noreg, som i resten av den vestlege delen av verda. Det har til dels samanheng med liberaliseringa av verdshandelen. Utanlandsk kapital har hatt ei sentral rolle i oppbygginga av norsk industri, også i denne perioden.

Det har skjedd store endringar i næringsstrukturen i den norske økonomien. Målt i prosentdel av samla sysselsetjing har det vore ein markert nedgang i primærnæringane. Veksten har vore særleg kraftig i dei tenesteytande næringane. I første del av perioden var veksten i privat tenesteyting særleg kraftig, mens han auka sterkest i offentleg sektor i andre halvdel.

Utviklinga i Noreg dei siste 30 åra er prega av framveksten av olje- og gassverksemda, noko som har ført til at norsk økonomi og næringsliv på fleire område skil seg frå utviklinga i dei andre vesteuropeiske landa i denne perioden. Motstykket til auken i oljesektoren har først og fremst vore at anna konkurranseutsett verksemd har vorte mindre viktig. Mellom anna viser norsk industriproduksjon ei klart svakare utvikling enn industri i OECD-Europa elles i denne perioden.

Eit trekk ved det private næringslivet i Noreg er at små og mellomstore bedrifter (SMB) dominerer. Dersom ein set grensa for SMB ved 100 tilsette, omfattar denne gruppa 99 prosent av alle private norske bedrifter. Vel 90 prosent av alle private norske bedrifter har mindre enn 20 tilsette. Over 70 prosent av sysselsetjinga i privat sektor er i SMB ⁶⁾.

Tilgang til kapital er ein viktig føresetnad for vekst og sysselsetjing i næringslivet. Eigenkapital er eit sentralt element i dette. For norsk næringsliv, ikkje minst for dei større bedriftene, er det av stor verdi å bringe inn eigarar som i tillegg til kapital også kan tilføre industriell kompetanse, kunnskap, tilgang til marknader, verdikjeder og nettverk.

I samband med oppkjøp av norske verksemdar vil ei lovregulering som ervervslova gjere dei mindre føreseieleg for kjøparane, og også bidra til å forseinke ein kjøpsprosess. Dette kan etter departementet si meining gjere det vanskeleg å trekkje nødvendig kapital til norsk næringsliv.

Dei siste 15 - 20 åra har dereguleringar i valuta- og finansmarknadene, utviklinga av IT og nye finansielle instrument gjort det mogleg med ei stadig tettare samanveving av dei globale kapitalmarknadene og auka kapitalmobilitet over landegrensene. Næringslivet i Noreg konkurrerer om kapitalen med næringsverksemd i andre land i den internasjonale kapitalmarknaden. Kvar kapitalen går, er i stor grad avhengig av kvar avkastninga er høgast. I seinare tid har det vorte auka merksemd rundt tendensar til geografisk konsentrasjon av næringsverksemd. Det kan representere ei ekstra utfordring for land i den geografiske periferien. Ein kan vanskeleg motverke slike krefter ved hjelp av regelverk som har som formål å «låse» bedrifter inne i landet.

På same måte som det er både naturleg og ønskeleg at norske bedrifter investerer i utlandet, er det naturleg og ønskeleg med innslag av utanlandsk

⁶⁾ Tal pr. august 1998, kjelde: SSB

kapital i norskbasert næringsliv. Det er alt eit monaleg innslag av utanlandsk kapital i norske bedrifter; til dømes er om lag ein tredel av verdiane på Oslo Børs på utanlandske hender. I tillegg til kapital kan aktive utanlandske eigarar som nemnt tilføre industriell kompetanse, kunnskap, tilgang til marknader osv. Det er viktig for selskap som opererer i ein internasjonalt marknad prega av sterk konkurranse, og der evna til og kravet om raske omstillingar/ omstruktureringar blir stadig viktigare for å lykkast.

Tabell 5.1 viser utviklinga i norske direkte investeringar ⁷⁾ i utlandet og tilsvarende utanlandske direkte investeringar i Noreg (*transaksjonstal*). Det er store variasjonar i tala for direkte investeringar frå år til år. Tala i tabellen gir ikkje grunnlag for å påstå at det er ein systematisk ulikskap mellom dei utanlandske investeringane til norske bedrifter, og investeringane frå utanlandske bedrifter i Noreg.

Tabell 5.1: Direkte investeringar ¹, transaksjonstal ² i mill. kroner

	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000
Norske netto direkte investeringar i utlandet	14 806	19 890	38 213	37 903	16 850	47 111	74 464
Utanlandske netto direkte investeringar i Noreg	19 154	14 135	20 669	31 081	29 385	62 966	54 954

¹ Ei direkte investering over landegrensene der investor har planar om å opprette eit varig økonomisk samband og ha innverknad på verksamda i investeringsobjektet.


² Transaksjonstal og beholdningstal for utanlandske direkte investeringar er baserte på ulike kjelder, og kan ikkje samanliknast. M.a. reflekterer transaksjonstala marknadsvordiar, mens beholdningstala er baserte på bokførte verdier.

Kilde: Kjelde: Noregs Bank

Enkelte empiriske undersøkingar kan indikere at Noreg i liten grad trekkjer til seg såkalla «rotlause næringar», dvs. næringar som lokaliserer seg der kostnadene er lågast, sett i forhold til nivået på produktiviteten ⁸⁾.

⁷⁾ Ei direkte investering er ei investering over landegrensene der investor har planar om å opprette eit varig økonomisk samband og ha innverknad på verksemda i investeringsobjektet.

⁸⁾ NOU 2000:21 s. 106



Figur 5.1 Behaldning av direkte investert kapital inn og ut av Noreg (mrd. kroner)

Tal for norske direkte investeringar til utlandet i dei to siste periodane er enno ikkje tilgjengelege. Auken frå 1989 til 1990 må ein mellom anna sjå i samanheng med at døtrer til dotterselskap er med i tala f.o.m. 1990. Tilsvarende endring vart gjort for utanlandsk direkte investert kapital i Noreg f.o.m. 1991.

Kilde: Kjelde: Noregs Bank

Av figur 5.1 ser vi at nordmenns *beholdning* av direkteinvesteringar i utlandet har vore større enn direkteinvesteringar frå utlandet til Noreg f.o.m. 1994.

Tabell 5.2: Behaldning av direkte investert kapital, næringsfordelt

	Til Noreg		Frå Noreg	
	(pr. 31.12.98)		(pr. 31.12.98)	
	mrd. kroner	pst.	mrd. kroner	pst.
Oljeutvinning og bergverksdrift	85,0	42,9	80,8	33,7
Industri	37,3	18,8	55,8	23,3
Byggje- og anleggsverksemd	3,0	1,5	..	..
Tenesteytande næringar ekskl. off. forv.	70,1	35,4	93,1	38,8
Andre	2,8	1,4	10,2	4,3
Totalt	198,2	100,0	201,1	100,0

Kilde: Kjelde: Noregs Bank

Tabell 5.2 viser at investeringsprofilen til nordmenn i utlandet i stor grad fell saman med utlendingars investeringsprofil i Noreg, ved at investeringane i hovudsak er retta mot petroleumssektoren og tenesteytande næringar.

6 Forholdet til anna lovgiving

6.1 Innleiing

Departementet gir i dette kapittelet ein nærmare presentasjon av anna lovgiving, og om opphevinga av ervervslova vil få konsekvensar for denne. Nedanfor vil det bli gjort greie for mellom anna sektorlovgivinga, konsesjonslova frå 1974, konkurranselovgivinga og reguleringar i andre land. Forholdet til arbeidsmiljølova vert ikkje omtala i dette kapittelet, men vert omtala i kapittel 8.4 om forholdet til dei tilsette.

6.2 Sektorlovgiving - unntaka i ervervslova § 2

Før ervervslova vart vedteken, eksisterte det fleire lover som direkte eller indirekte regulerte erverv av næringsverksemd innanfor enkelte bransjar. I førearbeida til ervervslova er det uttrykt at konsesjonslovgivinga på desse områda har fullgode heimlar til å ta dei omsyn styresmaktene ønskjer å ta i slike situasjonar. For å unngå dobbeltbehandling vart desse derfor uttrykkeleg unntatte frå meldeplikt etter ervervslova.

Det gjeld regulering etter følgjande lover:

- lov 24. mai 1961 nr. 1 om sparebanker,
- lov 24. mai 1961 nr. 2 om forretningsbanker,
- lov 12. juni 1981 nr. 52 om verdipapirfond,
- lov 14. juni 1985 nr. 68 om oppdrett av skalldyr, fisk o.a. (fiskeoppdrettslova),
- lov 10. juni 1988 nr. 39 om forsikringsvirksomhet,
- lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsvirksomhet,
- lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi (energilova)
- lov 26. mars 2000 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakarlova).

Etter at ervervslova tok til å gjelde har det i enkelte bransjar kome nye lover, som ikkje er unntatte frå meldeplikt etter ervervslova. Dette gjeld lov 13. juni 1997 nr. 53 om tilsyn med erverv i dagspresse og kringkasting og lov 2. juni 2000 nr. 39 om apotek.

I høyringsbrevet la departementet til grunn at bransjereguleringane ikkje ville bli påverka av ei oppheving av ervervslova då desse bransjereguleringane vil gjelde vidare. Også høyringsinstansane som har uttala seg om dette, støttar vurderingane til departementet.

6.3 Lov 31. mai 1974 nr. 19 om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlege ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova)

6.3.1 Generelt

Av same grunn som nemnt i kapittel 6.2 vart det i den allmenne konsesjonslova gjort endringar for å frita meldepliktige erverv frå konsesjonsplikt etter

konsesjonslova. På det tidspunktet da ervervslova tok til å gjelde, var erverv av bebygd fast eiendom over 15 dekar og tomter over 5 dekar konsesjonspliktig etter den allmenne konsesjonslova. Det innebar at ein del bedriftsoppkjøp utløyste konsesjonsplikt fordi bedrifta òg åtte fast eiendom. Konsesjonsplikt vart utløyst når eigedommen vart erverva direkte eller indirekte ved overtaking av minst 20 prosent av eigardelane i det føretaket som åtte eigedommen. Grensa for når det blir konsesjonsplikt for bebygd eiendom, er i dag heva til 20 dekar.

Mange føretak som kjem over terskelverdiane i ervervslova, har òg eiendom som utløyser konsesjonsplikt etter konsesjonslova. I samband med at ervervslova vart vedteken, vart det vedteke eit nytt femte ledd i § 2 i konsesjonslova. Saker som utløyste meldeplikt etter ervervslova, vart unnatekne frå konsesjonsplikta etter konsesjonslova. Det vart rekna som lite formålstenleg og tidkrevjande at oppkjøpssaker vart behandla etter to regelverk som i hovudsak skulle dekkje dei same formåla. § 4 i konsesjonslova om aksjeerverv vart endra slik at grensene for når konsesjonsplikt tek til å gjelde, samsvarer med § 4 første ledd i ervervslova. Unntaket frå konsesjonsbehandling etter konsesjonslova gjeld ikkje ved erverv av landbrukseiendomar. Meldepliktige bedriftsoppkjøp som òg omfattar landbrukseiendomar, har derfor vore behandla både etter ervervslova og konsesjonslova.

6.3.2 Konsekvensar ved opphevinga av ervervslova - høyringsfråsegn

Ved ei oppheving av ervervslova fell unntaket i konsesjonslova § 2 femte ledd bort. Dette inneber at konsesjonsplikta etter lova på nytt tek til å gjelda ved aksje- og bedriftsovertakingar i dei tilfella bedrifta eig fast eiendom som vil utløyse konsesjonsplikt. I all hovudsak vil erverva etter ervervslova òg innebære ei indirekte overtaking av fast eiendom som kan vere konsesjonspliktig dersom eigedomane er over 20 dekar. Departementet har ikkje oversikt over kor mange av dei meldepliktige erverva som vil vere konsesjonspliktige etter konsesjonslova, men det er grunn til å tru at det er få av dei rundt rekna 2 100 ervervsmeldingane som vil kome over arealgrensa på 20 dekar.

Advokatfirmaet Wiersholm, Mellbye & Bech peikar på spørsmålet i si høyringsfråsegn og uttalar at:

«For å unngå usikkerhet i forhold til erverv av næringsvirksomhet som eier konsesjonspliktig fast eiendom, så bør konsesjonsloven av 1974 endres samtidig som man opphever ervervsloven. Dette omfattes etter hva vi kan se ikke av Næringsdepartementets forslag. I forbindelse med en eventuell opphevelse bør således den alminnelige konsesjonslovens § 2 femte ledd samtidig endres. Vår oppfatning er at det ikke bør være konsesjonsplikt for erverv av næringseiendom i det hele tatt, uansett næringseiendommens størrelse, dersom et slikt direkte eller indirekte erverv av næringseiendom, skjer i forbindelse med erverv av hele den næringsvirksomhet eiendommen er knyttet til. Begrunnelsen for dette er ganske enkelt at det synes lite hensiktsmessig å oppheve en lov om kontroll med erverv av næringsvirksomhet for så å la andre regler tre i stedet.»

Landbruksdepartementet har ansvaret for konsesjonslova og uttaler til dette at:

«Etter Landbruksdepartementets syn er det ikke ønskelig at konsesjonslovens regler endres slik at erverv av konsesjonspliktig eiendom unntas fra konsesjon ved bedriftsovertakelse, samtidig som tilsvarende erverv ellers utløser konsesjonsplikt. En slik løsning fremstår etter departementets vurdering som uforståelig for dem som må søke konsesjon, og det vil kunne åpne for omgåelser av konsesjonsplikten.

I Sem-erklæringen foreslås en betydelig økning i arealgrensen ved erverv av bebygd eiendom. Landbruksdepartementet arbeider for tiden med dette spørsmålet. En arbeider dessuten med en generell gjennomgang av resten av konsesjonsloven, og alt peker i retning av at langt færre erverv enn i dag vil bli omfattet av konsesjonsplikt etter lovrevisjonen. Endringene vil imidlertid ikke foreligge innen den tidsplan som er lagt opp for endringene i ervervsloven. I arbeidet med konsesjonsloven vil en være oppmerksom på det ønskelige i å etablere regler der konsesjonskontrollen ikke skal føre til unødige hindringer ved omsetning av bedrifter eller parter i bedrifter.

I tiden etter at ervervsloven er opphevet og før endringene i konsesjonsloven foreligger, antar Landbruksdepartementet at det ved enkelte aksje- og bedriftsoverdragelser kan ligge til rette for å behandle eventuelle søknader om unntak for konsesjonsplikt, jf. konsesjonsloven § 2 siste punktum, noe lempeligere enn i dag.»

Departementet er videre kjent med at Landbruksdepartementet i samband med revisjon av konsesjonslova tek sikte på å sende ut eit høyringsnotat i løpet av våren 2002, og at lovendringar truleg kan tre i kraft frå 1. januar 2004. Landbruksdepartementet meiner at det i perioden frå opphevinga av ervervslova og fram til 1. januar 2004 vil føre med seg store omstillingskostnader, både for dei private aktørane og for samfunnet, å etablere ei mellombels løysing. Landbruksdepartementet meiner derfor at det er betre å avvente dei nye reglane som vert førebudd.

Nærings- og handelsdepartementet er etter omstenda samde med Landbruksdepartementet i dette. Sjølv om konsesjonsplikta vert utløyst for nokre av dei erverva som i dag er meldepliktige, vil det vere eit fåtal tilfelle, og med dei signala som Landbruksdepartementet har gitt om ei lempelegare praktisering av unntaksføresegna som allereie er i konsesjonslova, bør det ikkje innførast ei mellombels føresegn. Både revisjonsarbeidet som er sett i gang, og at det vil bli ein forholdsvis kort mellomperiode fram til ei ny konsesjonslov er på plass, talar for ei slik løysing. Samstundes vil dette òg føre til ein meir oversiktleg rettstilsand for dei involverte, enn om det vert innført ei ny føresegn. Ei ny føresegn vil føre til avgrensingsproblem og vil kunne innebere ein uklar rettstilstand for dei involverte.

6.3.3 Vilkår etter konsesjonslova av 1974

Avgjerdene etter konsesjonslova var delt mellom det tidlegare Industridepartementet, Næringsdepartementet og Nærings- og energidepartementet og Landbruksdepartementet. Avgjerdene i konsesjonssaker etter konsesjonslova var avgrensa til søknader om konsesjon frå utanlandske statsborgarar og rettssubjekt, medan Landbruksdepartementet behandla søknader frå norske statsborgarar og rettssubjekt.

Departementet foreslår i høyringsbrevet at konsesjonsvilkår som departementet har gitt i konsesjonar både etter industrikonsesjonslova frå 1917 og konsesjonslova frå 1974 fell bort når ervervslova vert oppheva.

*Landbruksdepartementet*uttaler følgjande om vilkåra etter konsesjonslova:

«Vilkår etter konsesjonsloven bør imidlertid ikke sees løsrevet fra spørsmålet om konsesjonsplikt. På tilsvarende måte som for konsesjonsplikten bør en avvente endringene i konsesjonsloven før det kan sies noe sikkert om vilkårene. I denne forbindelse vil Landbruksdepartementet peke på at Næringsdepartementets avgjørelser i konsesjonsaker etter konsesjonsloven i henhold til kgl.res. 13. desember 1974, 2 var begrenset til søknader om konsesjon fra utenlandske statsborgere og rettssubjekter som ville drive næringsvirksomhet på den aktuelle eiendommen. Forslaget om opphevelse av konsesjonsvilkår i høringsnotatet vil følgelig føre til at vilkår fastsatt overfor utenlandske statsborgere og utenlandske selskap vil falle bort. Tilsvarende vilkår fastsatt av Landbruksdepartementet for norske statsborgere og norske selskap vil imidlertid bli stående.»

*Departementet*forstår Landbruksdepartementet slik at fastsette konsesjonsvilkår bør bli stående inntil ny konsesjonslov trer i kraft. Vi er ikkje samd med Landbruksdepartementet i dette. Etter vår vurdering bør det ikkje vere noko til hinder for at konsesjonsvilkåra fell bort. Omsyna som er lagde til grunn for at konsesjonsplikta trer inn att når ervervslova fell bort, gjeld etter departementets meining ikkje i høve til dei gamle konsesjonsvilkåra som er sett for utanlandske oppkjøp.

Som Landbruksdepartementet syner til var avgjerdene etter konsesjonslova som *departementet*sette, avgrensa til søknader frå utanlandske eller utanlandskkontrollerte rettssubjekt som ville drive næringsverksemd på den aktuelle eigedommen. Konsesjonsvilkåra som vart fastsett ved behandlinga av desse søknadene var av ein annan karakter enn dei som vert fastsett av Landbruksdepartementet for norske rettssubjekt. For det fyrste sette vi alltid vilkår, såkalla standardvilkår, i desse sakene. I særlege tilfelle vart det sett tilleggsvilkår.

Standardvilkåra hadde føresegner med krav til at det norske selskapet skulle ha sete i Noreg, og at halvparten av styret, medrekna styreformannen, skulle vere norske statsborgarar, og det var fastsett kor stor del av aksjekapitalen i selskapet som kunne vera eigd av det utanlandske rettssubjektet. Føresegner i mellom anna vedtektene i det norske selskapet kunne ikkje innehalde noko som var i strid med dette. Departementet skulle òg informerast om endringar i desse. Vidare var det vilkår om at føretaket skulle drivast etter sunne forretningsmessige prinsipp og ikkje drive anna verksemd enn det dreiv på konsesjonstidspunktet utan løyve frå departementet. Det var òg eit vilkår om at forretningsforbindelsen mellom selskapet og den utanlandske eigaren og utanlandske rettssubjekt som han hadde tilknyting til, skulle vere basert på prisar og vilkår som ville vore avtala mellom uavhengige selskap (det såkalla armlengdeprinsippet). I tillegg til desse vilkåra var det fastsett to sanksjonsvilkår. Det mest brukte tilleggsvilkåret var salsvilkåret. I meir sjeldne tilfelle vart det sett vilkår om konsernfagleg samarbeid. Felles for alle desse vilkåra er at dei rettar seg mot føretaket eller verksemda i føretaket. Dei same vilkåra vart òg sett i konsesjonar etter industrikonsesjonslova frå 1917. I samband med departementets behandling av konsesjonssøknader etter industrikonsesjonslova og konsesjonslova, vart det ikkje gjort nokon skilnad korkje i høve til vurderingstemaet eller ved fastsetjing av vilkår. Det var storleiken på eigedomen

som var avgjerande for om det var den eine eller andre lova søknaden skulle behandlast etter.

Departementet vil òg peike på at fleire av standardvilkåra som var i bruk fram til ervervslova tok til å gjelda, er i strid med pliktene Noreg har teke på seg etter EØS-avtalen. Dette gjeld dei vilkåra som inneheld diskriminering av utlendingar og utanlandske rettssubjekt. Av denne grunn er det berre vilkåret som fastset armlengdeprinsippet, og sanksjonsvilkåra knytt til det, som framleis faktisk har ein realitet i seg. Vidare gjeld dei tilleggsvilkåra som er fastsett i særskilte konsesjonar. I tillegg kan departementet i medhald av ervervslova § 24 fjerde ledd, etter søknad, oppheve eller endre vilkår og føresetnader som er fastsett i konsesjonar både etter industrikonsesjonslova og konsesjonslova. Ein slik søknad vil då gjelde dei vilkåra som ikkje er i strid med EØS-avtalen.

Konsesjonsvilkåra som Landbruksdepartementet fastset er av ein heilt annan karakter, mellom anna av di vurderingstemaet er annleis. Standardvilkår blir ikkje nytta, og i mange saker blir det ikkje sett vilkår i det heile. I dei tilfella ein set vilkår er dei meir knytt til kva eigedommen skal nyttast til og ikkje til sjølve verksemda til konsesjonssøkjaren. *Departementet* legg til grunn at Landbruksdepartementet ikkje vil gå vekk i frå den praksis som har vore, slik at det for kommande saker som tidlegare ville vore meldepliktige ikkje vil vere aktuelt å setje vilkår som regulerer verksemda.

I høve til å oppheve tidlegare vilkår etter konsesjonslova, er det ikkje noko avgjerande som talar imot å oppheve vilkåra fastsett av departementet for utanlandske rettssubjekt, medan vilkåra fastsett av Landbruksdepartementet for norske rettssubjekt framleis gjeld.

Ei oppheving av vilkåra vil ikkje føre til vanskelege avgrensingsspørsmål, eller på annan måte verke urimelig all den tid både vurderingstemaet og vilkåra fastsett for utanlandske og norske rettssubjekt er så forskjellige som dei er. Det vil vidare oppstå ein merkeleg skilnad om berre vilkåra etter industrikonsesjonslova fell bort, medan vilkåra etter konsesjonslova ikkje gjer det, når både vilkårsfastsetjinga og vurderingstemaet var lik etter båe lovene.

Om vilkåra ikkje vert oppheva vil det føre til at departementet må setje av ressursar til å vurdere om vilkåra vert haldne. *Departementet* ønskjer ikkje å setje av ressursar eller leggje opp til ein beredskap for å følgje opp gamle konsesjonsvilkår fordi det ikkje vil vere formålstenleg ut frå dei røynslene ein har med slike saker. Departementet vil derfor foreslå at vilkåra etter konsesjonslova frå 1974 fastsett av det tidlegare Industridepartementet, Næringsdepartementet og Nærings- og energidepartementet fell bort ved opphevinga av ervervslova. Også vilkåra etter industrikonsesjonslova frå 1917 fell bort, sjå omtale i kapittel 9.

6.4 Konkurranselovgivinga

I høyringsbrevet vart konkurranselova omtala. Konkurranselova (lov 11. juni 1993 nr. 65) byggjer på eit ynskje om å sikre konkurranse i marknaden som fører til ei effektiv ressursutnytting i samfunnet (velferdsmaksimering). Konkurransen gjer dermed sitt til at samfunnet får mest mogleg ut av dei tilgjengelege ressursane.

I konkurranselova § 3-11 er det ein inngrepsheimel i forhold til bedriftserverv. Konkurransetilsynet kan gripe inn mot bedriftserverv dersom tilsynet meiner at det aktuelle ervervet fører til eller forsterkar ei vesentleg avgrensing av konkurransen i strid med formålet i lova. Det er inga lovpålagd meldeplikt av erverv til Konkurransetilsynet, men ei frivillig ordning. Dei som inngår avtalar som kan få konkurransemessige verknader, kan melde avtalen for å få avklart om tilsynet vil gripe inn. Konkurransetilsynet kan gripe inn innan seks månader etter at det er inngått endeleg avtale om erverv. I særlege tilfelle kan inngrep skje innan eit år etter endeleg avtale. Det er no teke inn ei ny føresegn i lova om at tilsynet kan leggje ned eit mellombels forbod mot å gjennomføre oppkjøpet, for å sikre at det verkeleg er mogleg å setje i verk tiltak.

Konkurransetilsynet viser i si høyringsfråsegn til at dei rutinemessig har fått melding frå Nærings- og handelsdepartementet om bedriftserverv som blir meldt i medhald av ervervslova. *Konkurransetilsynet* seier vidare at ei oppheving av ervervslova vil vere uproblematisk for arbeidsoppgåvene til tilsynet, men peikar på at det etter opphevinga ikkje vil finnast institusjonaliserte meldingsrutinar for bedriftserverv som kan få konkurranseavgrensande konsekvensar for Noreg. Elles viser dei til at bedrifter med stor omsetning vil vere meldepliktig etter EU/EØS-reglane, og at det vil vere naturleg for Konkurranselovutvalet å vurdere behovet for meldeplikt til nasjonale konkurransemyndigheiter. Konkurransetilsynet konkluderer med å gi tilslutning til forslaget om å oppheve ervervslova.

Andre *høyringsinstansar* har ikkje kome med fråsegn i tilknytning til konkurranselovgivinga. *Departementet* legg derfor til grunn at opphevinga av ervervslova ikkje får negative verknader for konkurransemyndigheitene oppgaver etter konkurranselovgivinga.

6.5 Reguleringar i andre land

6.5.1 Innleiing

Konsesjonsordningar slik vi kjenner dei i Noreg, og iallfall ein generell myndigheitskontroll med oppkjøp i næringslivet på linje med ervervslova, er det få av. Også i dei få land som har hatt reguleringar av dette slaget, har utviklinga dei siste åra gått i retning av deregulering av denne typen regelverk. Dette er ei utvikling mellom anna som følgje av meir opne økonomiar med auka handel og auka investeringar over landegrensene der nasjonale «stengsel» blir bygde ned. Overvaking av konkurransen i marknadene er derimot eit område som styresmaktene i aukande grad fører kontroll med, jf. både nasjonal lovgiving og til dømes EUs regelverk på området.

6.5.2 EØS-området

I EØS-området er det berre Noreg som har ein generell myndigheitskontroll med eigarskifte i næringslivet. Sverige hadde tidlegare ei liknande lovgiving, men den vart oppheva i 1992 som ei følgje av tilpassinga til EU-regelverket. Det er dermed fri tilgang til å investere i svenske føretak.

I nokre EU-land er det reguleringar innanfor enkelte bransjar. For eksempel er det i Frankrike krav om notifikasjon til styresmaktene ved utanlandske investeringar, både frå EU-borgarar og tredjeland ⁹⁾ i saker som påverkar for-

svaret i landet, den offentlege tryggleiken eller den offentlege helsa. Hellas har avgrensingar for utanlandske og nasjonale investeringar innanfor visse typar forsyningsselskap (elektrisitet, buss og sporveggar osv.).

EØS-avtalen har ei eiga forordning om kontroll med grenseoverskridande verksemdssamanslutningar (fusjonar) EØF 4064/89. Forordninga gir høve til å kontrollere verksemdssamanslutningar som hindrar den frie konkurransen på fellesmarknaden. Forordninga er ein del av EUs konkurranseregulering. Føresegnene er ein del av norsk rett gjennom forskrift av 4.12.1992 nr. 964 om materielle konkurransereglar i EØS-avtalen kap. XIV og forskrift av same dato nr. 966 om prosessuelle konkurransereglar i EØS-avtalen kap. XIII og XIV.

Etter forordninga skal føretakssamanslutningar som anten har ein såkalla fellesskaps- eller EFTA-dimensjon, ikkje gjennomførast før dei er melde til det kompetente overvaksingsorganet (anten EU-kommisjonen eller ESA). Dei aktuelle føretaka må anten ha ei omsetning på verdsmarknaden på meir enn 5 milliardar ECU, eller omsetninga innanfor fellesmarknaden for minst to av føretaka må vere meir enn 250 millionar ECU. Samanslutninga har likevel ikkje fellesskapsdimensjon dersom kvar av dei impliserte føretaka har meir enn to tredelar av den samla omsetninga si innanfor eit og same medlemsland. Ei føretakssamanslutning som fell innanfor dette regelverket, kan erklærast i strid med EØS-avtalen dersom ho skaper eller styrkjer ei dominerande stilling som fører til at effektiv konkurranse i stor grad blir hindra på territoriet for EØS-avtalen. Transaksjonen kan likevel godkjennast, eventuelt på vilkår som kan vere med på å redusere dei negative konkurransemessige verknadene av samanslutninga.

6.5.3 Andre land

Departementet har hatt ein gjennomgang av reguleringar i andre land som det er naturleg for Noreg å samanlikne seg med, for å finne ut om andre land har tilsvarende lovverk som ervervslova. Så langt vi har kunna finne ut, er det berre Canada som har denne type regulering. I Canada er det restriksjonar på nye eller auka utanlandske investeringar innanfor visse sektorar gjennom «The Investment Canada Act». Sektorane er energi, forlagsverksemd, telekommunikasjon, transport, film, musikk, kringkasting og kabelfjernsyn.

Den føderale reguleringsstyresmakta, Investment Canada, går gjennom utanlandske direkte og indirekte erverv av kanadisk verksemd av ein viss storleik, eller etablering av ei ny kanadisk verksemd som vedkjem Canadas kulturarv eller nasjonale identitet. Det må sendast melding til Investment Canada om alle ikkje-kanadiske investeringar for å etablere ny kanadisk verksemd (uavhengig av storleik).

⁹⁾ Altså land som ikkje er ein del av EU- eller EØS-området.

7 Forholdet til folkerettslege avtalar

7.1 EØS-avtalen

I høyringsbrevet frå departementet vart det gjort greie for forholdet mellom lov om erverv av næringsverksemd og EØS-avtalen. EØS-avtalen får følgjer for lov om erverv av næringsverksemd, først og fremst gjennom føresegnene om retten til fri etablering av verksemd i artikkel 31 til 35 og retten til fri flyt av kapital i artikkel 40.

Artikkel 31 bestemmer mellom anna:

1. *I samsvar med bestemmelsene i denne avtale skal det ikke være noen restriksjoner på etableringsadgangen for statsborgere fra en av EFs medlemsstater eller en EFTA-stat på en annen av disse staters territorium. Dette skal gjelde også adgangen til å opprette agenturer, filialer eller datterselskaper for så vidt angår borgere fra en av EFs medlemsstater eller en EFTA-stat som har etablert seg på en av disse staters territorium.*

Rett til å etablere verksemd er ein grunnleggjande fridom etter EØS-avtalen. Omgrepet etablering er vidt og dekkjer mellom anna oppstart av ny verksemd, oppretting av filial eller dotterselskap og oppkjøp av heile eller delar av eksisterande verksemd. Omsynet bak etableringsreglane er å sikre fri rett til etablering innanfor EØS-området. Det inneber at ein person frå eit land innanfor EØS, eller eit selskap som er etablert i ein EØS-stat, fritt skal kunne etablere seg i eit anna EØS-land på linje med landet sine egne borgarar. Det er på det reine at eit meldepliktig erverv etter ervervslova er ei etablering i same tyding som artikkel 31.

Artikkel 40 bestemmer:

Innen rammen av bestemmelsene i denne avtale skal det mellom avtalepartene ikke være noen restriksjoner på overføring av kapital tilhørende personer bosatt i EFs medlemsstater eller EFTA-statene og ingen forskjellsbehandling på grunn av partenes nasjonalitet, bosted eller stedet for kapitalanbringelsen. Vedlegg XII inneholder de bestemmelser som er nødvendige for å gjennomføre denne artikkel.

Tydinga av omgrepet «overføring av kapital» går ikkje fram av ordlyden i artikkel 40. Omgrepet er nærmare definert i ordforklaringa (nomenklatur) til Direktiv 88/361/EEC der det mellom anna står at omgrepet òg omfattar andre underliggjande transaksjonar som direkte investeringar ved erverv av aksjar og fast eigedom, i tillegg til reine overførslar av kapital. Erverv som er meldepliktige etter ervervslova, fell derfor òg inn under omgrepet «overføring av kapital» i artikkel 40.

Formålet med artikkel 31 og artikkel 40 var opphavleg å hindre diskriminerande restriksjonar, dvs. avgrensingar direkte retta mot borgarar eller verksemdar frå andre land. Då Noreg vedtok EØS-avtalen, vart det lagt til grunn at føresegnene berre inneheldt forbod mot diskriminerande restriksjonar.

EFTAs overvaksingsorgan (EFTA Surveillance Authority) har i opningsbrev datert 24. mars 2000 hevda at ervervslova er i strid med EØS-avtalen. ESA

hevda at det har skjedd ei utvikling innanfor EF-retten, og at artikkel 31 og artikkel 40 no må tolkast som at dei òg inneheld eit reint restriksjonsforbod. Eit restriksjonsforbod omfattar òg nasjonale, ikkje diskriminerande reglar som hindrar eller gjer det vanskeleg å utøve dei grunnleggjande fridommane, mellom anna etablering og fri flyt av kapital. Slike nasjonale reglar kan etter ESAs meining berre godtakast dersom dei er grunngitt ut frå tvingande allmenne omsyn, og ikkje er i strid med proporsjonalitetsprinsippet.

Noreg hevda i sitt svarbrev til ESA at EØS-reglane ikkje forbyr andre restriksjonar enn dei som inneber forskjellsbehandling på grunnlag av nasjonalitet. Noreg hevda vidare at dersom det blir lagt til grunn at det ligg føre eit restriksjonsforbod i artikkel 31 og artikkel 40, så kan ein grunngi at lova eksisterer ut frå tvingande allmenne omsyn.

Enkelte av høyringsinstansane har knytt kommentarar til forholdet mellom ervervslova og EØS-avtalen. *NHO* seier dette:

«*NHO* mener, i likhet med ESA, at ervervsloven er i strid med EØS-avtalens bestemmelser om fri flyt av kapital, selv om den er nasjonalitetsnøytral... Det er viktig at Norge overholder EØS-avtalens forpliktelser, og ikke beholder lover som er i strid med dennes grunnleggende prinsipper om fri flyt... »

Etter *NITOs* syn er det ikkje dekning for å hevde at lova er i strid med EØS-avtalen, og dei seier mellom anna dette:

«... Lov om erverv stiller like vilkår til oppkjøp, enten det er nasjonale eller utenlandske investorer, og innebærer derfor ingen diskriminering... »

Med utgangspunkt i departementets konklusjon om at lova bør opphevast fordi ho har utspelt rolla si som eit næringspolitisk verkemiddel, har vi ikkje sett det som nødvendig å vurdere verken merknadene frå ESA eller høyringsinstansane vidare.

7.2 Forholdet til OECD (Organization for Economic Cooperation and Development)

OECD gjennomfører jamleg eksaminasjonar av medlemslanda sine. Komiteen for investeringar og multinasjonale selskap (CIME) hadde førre eksaminasjon av Noreg i 1996 - 97. Sjølv om komiteen konkluderte med at norske styresmakter brukte ervervslova på ein måte som ikkje diskriminerte utanlandske oppkjøp i forhold til nasjonale oppkjøp, vart lova til ein viss grad kritisert som eit mogleg investeringshinder.

Høyringsinstansane har ikkje kommentert dette, og departementet legg til grunn at OECD ser på forslaget om oppheving av ervervslova som ei positiv utvikling.

8 Grunngivinga for forslaget om å oppheve ervervslova

8.1 Innleiing

Departementet gjer i dette kapitlet greie for grunngivinga for å oppheve ervervslova. Synspunkta frå høyringsinstansane på forslaget om ei oppheving, vil bli kommenterte. Andre omsyn som til dels har vorte sikra gjennom ervervslova vil òg bli omtala, og korleis ein skal sørgje for at dei blir tekne vare på om lova fell bort.

8.2 Behovet for ervervslova

8.2.1 Kontroll med eigarskifte i norsk næringsliv

8.2.1.1 Høyringsbrevet

I høyringsbrevet frå departementet vart det gjort grundig greie for kvifor departementet meiner at det ikkje lenger er eit reelt behov for norske styresmakter å kontrollere eigarskifte i norsk næringsliv. Grunnlaget var den evalueringa departementet hadde gjort på bakgrunn av erfaringane med ervervslova dei siste sju åra, men òg erfaringane frå kontroll med eigarskifte i norsk næringsliv gjennom fleire tiår.

I førearbeida til ervervslova var eit hovudargument for å innføre lova at styresmaktene hadde behov for kontroll med eigarskifte i norsk næringsliv. Det var òg bakgrunnen for dei tidlegare konsesjonsreglane. Av det totale talet på saker som har vore behandla etter ervervslova, drygt 2100, er det berre 13 som har vore oppe til nærmare prøving. Dette er saker som departementet har gått grundigare inn i fordi vi har meint at det har vore grunn til å tru at erverva kunne få vesentlege negative verknader for føretaket, bransjen eller samfunnet elles. Erfaringane tilseier at styresmaktene har eit lite reelt behov for å kontrollere eigarskifte i næringslivet. Vår erfaring er at det sjeldan skjer dramatiske endringar i samband med eigarskifte. Dei store strukturelle endringane med reduksjon i og nedlegging av verksemd er først og fremst knytte til endringar i marknadssituasjonen og andre faktorar av økonomisk innverknad for bedriftene som skjer uansett og uavhengig av eigarskapen. Også norske bedrifter er nøydde til å omstille verksemda for å kunne halde ved lag ei lønnsam verksemd, som igjen kan vere med på å sikre arbeidsplassar. Omstillingsmakta i næringslivet har auka, og endringar i andre lands økonomiar påverkar også og får i større grad innverknad for norsk næringsliv. Eit system med eigarskiftekontroll viser seg derfor å vere lite treffsikkert fordi det først og fremst er andre forhold som utløyser dei strukturendringane som styresmaktene har vilja fange opp gjennom ervervslova. Det er uansett vanskeleg å sjå at det er ei myndigheitsoppgåve å skulle overprøve vurderingane til bedriftene og eigarane deira når det gjeld strategiske forhold og driftsgrunnlag for bedrifta.

I høyringsbrevet vart det trekt fram at lova, i følgje førearbeida, ikkje skulle hindre fornuftige omstillingar i næringslivet, og at det har gitt departementet den nødvendige fleksibiliteten til å praktisere lova slik at norsk næringsliv òg skulle få den nødvendige handlefridommen for å kunne utvikle og tilpasse seg til dei økonomiske rammevilkåra som til kvar tid gjeld.

Med bakgrunn i desse erfaringane meinte departementet at det var vanskeleg å sjå det reelle behovet for framleis å skulle ha ein eigarskiftekontroll i næringslivet.

8.2.1.2 Høyringsfråsegn

Dei fleste høyringsinstansane er i all hovudsak samde i synspunkta våre. Til dømes uttalar *Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)* følgjande:

«Ved at oppkjøp av hele eller deler av virksomheter er underlagt myndighetskontroll, gir loven føringer på at andre hensyn enn de bedriftsøkonomiske tillegges vekt ved vurderingen av om ervervet skal aksepteres. Selv om loven er praktisert slik at ingen oppkjøp er nektet godkjent, vil lovens eksistens kunne føre til at nødvendige og riktige oppkjøp og omstruktureringer i næringslivet ikke skjer. Dette vil på sikt kunne hemme verdiskapingen ved å hindre kapital og arbeidskraft i å arbeide i de «riktige» bedriftene...Lovens system medfører at både investor/aktuelt kjøpsobjekt og myndighetene legger betydelig arbeid og kostnader ned i en søknadsprosess som i den tid loven har eksistert, ikke har medført inngrep. Denne perioden har ikke vært preget av lav oppkjøps- og omstillingshastighet i næringslivet - tvert imot. Alt skulle derfor tilsi at dersom loven har sin berettigelse, ville erverv blitt nektet i denne perioden.»

Frå *Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH)* har vi fått desse synspunkta:

«...Som det påpekes i høringsnotatet er erfaringene med loven at det reelle kontrollbehovet med eierskifter er lite, og at bedriftsetableringer- og flyttinger i liten grad kan styres ved hjelp av lovparagrafer,...representerer ervervsloven en type myndighetsregulering og kontroll som tiden har løpt fra,...det er grunn til å anta at loven virker bremsende på en ønskelig omstrukturering og omstilling i norsk næringsliv, og påfører bedriftene en konkurranseulempe i forhold til konkurrenter i utlandet og til det internasjonale kapitalmarkedet... Vi slutter oss til de hensyn og argumenter for opphevelse av loven som er påpekt fra departementets side.»

Landsorganisasjonen (LO) er derimot ikkje samd i forslaget om å oppheve lova, og dei meiner dette:

«LO er uenig både i de vurderinger som ligger til grunn for forslaget og i selve forslaget om å oppheve ervervsloven. LO ønsker å styrke og videreføre ervervsloven. LO mener det er en fornuftig næringspolitikk at myndighetene har systematisk informasjon om og mulighet til kontroll av eierskifter av en viss størrelse, og beklager at det politiske elementet av styring ønskes avvirket. En rekke saker viser at slik offentlighet på ulike måter har medvirket til prosesser der så vel næringsmessige som lokale interesser blir nærmere vurdert, blant annet sysselsetting, og senere finner sin løsning mellom partene.»

Også *Norges Ingeniørorganisasjon (NITO)* meiner at lova ikkje bør opphevast. Dei seier blant anna dette:

«NITO mener ervervsloven ivaretar viktige rettigheter for norske arbeidstakere. I tillegg har loven etter NITOs syn næringspolitisk betydning. Den bidrar til at myndighetene får informasjon om og kontroll av eierskifter av en viss størrelse, og kan bidra til å unngå useriøse investeringer og fiendtlige oppkjøp i norsk næringsliv.»

Yrkersorganisasjonenes Sentralforbund (YS) meiner at ervervslova ikkje har mykje å bidra med når det gjeld å gjere Noreg til eit attraktivt land for investeringar, men at lova må erstattast av noko anna, som til dømes ein aktiv næringspolitikk med mål om å behalde og vidareutvikle industriell verksemd i Noreg. Dei meiner at ei forbetring av rammevilkåra er ei føresetnad for å oppheve ervervslova.

Om regjeringa vil arbeide vidare med forslaget om å oppheve ervervslova, legg arbeidstakarorganisasjonane, som har markert motstand mot forslaget om å oppheve lova, til grunn at regjeringa vil setje i gang eit arbeid for å sikre at arbeidstakarane og dei tillitsvalde får tilsvarende rettar som i ervervslova i anna lovverk.

8.2.1.3 Departementets vurdering

Departementet er nøgd med at dei aller fleste av høyringsinstansane støtter forslaget om å oppheve ervervslova og er samde i grunngivinga vår. Heller ikkje dei kan sjå at det framleis er eit reelt kontrollbehov med eigarskifte i norsk næringsliv. Dette visar at vi har fått brei støtte for oppfatninga vår om at tida har løpt frå ervervslova som eit effektivt virkemiddel for norske styresmaktar i næringspolitikken. Departementet merkjer seg motstanden mot å oppheve lova frå arbeidstakarorganisasjonane. LO og NITO til dømes er ikkje samd i forslaget om ei oppheving av lova og ønskjer framleis å ha ein kontroll med eigarskifte av ein viss storleik, dette av omsyn til dei tilsette. Departementet har lagt stor vekt på å sikre at dei tilsette sine rettar framleis skal ivaretakast. Forholdet til dei tilsette blir nærmare omtala i kapittel 8.5. Vi kan ikkje sjå at det frå desse organisasjonane har kome fram nye argument som talar for å oppretthalde lova når det elles viser seg å ikkje vere behov for ho. Heller ikkje forholdet til dei tilsette kan innebære at ervervslova framleis skal oppretthaldast. Vi er samd med YS i at det er særskild viktig å sørge for at vi stadig arbeider med å forbetre dei norske rammevilkåra for å halde på og også trekkje nyetableringar av verksemd til Noreg. Når det gjeld andre og meir detaljerte kommentarar frå høyringsinstansane viser vi til kommentarane til dei enkelte punkta nedanfor.

8.2.2 Den preventive effekten av lova og sanksjonssystemet i lova

8.2.2.1 Høyringsbrevet

I høyringsbrevet gjorde departementet greie for den såkalla preventive effekten av å ha ein oppkjøpskontrollordning med eigarskifte i norsk næringsliv. I førearbeida til ervervslova vart det lagt til grunn at lova hadde ein såkalla preventiv effekt i den forstand at ho «skrelte» bort dei kjøparane som berre var ute etter å kjøpe opp bedrifter for så å leggje dei ned (reine «slakteoppkjøp»). Det kan til dømes vere aktuelt ved kjøp av marknadsdelar der det er kjøp av

marknadstilgang som er viktig, og ikkje nødvendigvis bedrifta som produserer varene. Det same kan gjelde ved kjøp av varemerke. Gjennom dei sju åra lova har eksistert, har departementet ikkje sett døme på slike reine «slakteoppkjøp». Det kan ha samanheng med at lova eksisterer, og at investorar med slike planar har vorte skremde bort alt før eller i salsforhandlingane. På den andre sida vart det trekt fram at det har vore døme på saker der kjøparane har lagt fram planar om framleis verksemd på dei eksisterande produksjonsanlegga i Noreg, men der det etter kort tid viser seg at planane endrar seg. Departementet vil ikkje sjå bort frå at dette utan ervervslova kunne ha vore «reine» slaktekjøp med nedlegging i samband med verksemdsovertakinga, men at det ikkje var mogleg å seie noko sikkert om den preventive effekten av ei lov, heller ikkje av ervervslova. Departementet meiner at det uansett ikkje kunne forsvarast å halde fast ved ei lovregulering som den ervervslova innebar, sjølv om lova eventuelt kunne ha ein preventiv effekt.

Departementet la vidare i høyringsbrevet vekt på at den preventive effekten av lova må sjåast i samanheng med sanksjonssystemet i lova («ris bak spegelen»-funksjonen). Sanksjonen i kapittel 8 i lova har ikkje vore utforma for å fange opp tilfelle der det skjer nedleggingar som følgje av endra marknadsforhold osv. Det går klart fram av førearbeida til ervervslova at lova ikkje skulle hindre fornuftige omstillingar i næringslivet. Departementet trakk vidare fram at dei hadde vurdert fleire saker om nedlegging etter § 20. Ein føresetnad for at § 20 skal nyttast, er at det er gitt uriktige eller ufullstendige opplysningar i samband med ervervsbehandlinga. Vurderinga må derfor knytast opp mot dei opplysningane ervervaren gav i ervervsmeldinga. I høyringsbrevet vart det peikt på at det var vanskeleg i praksis å føre bevis for at det alt på ervervstidspunktet låg føre planar om å leggje ned verksemda i Noreg. Departementet har derfor så langt ikkje brukt den formelle sanksjonen med pålegg om tvangssal av bedrifta. I ein del saker har departementet erfart at det var etterfølgjande endringar i marknadsforholda osv. som var grunnen til at ei verksemd blei nedlagd i Noreg og flytt til andre land. I ein del saker var det derfor først på eit langt seinare stadium at planane om nedlegging kom opp. I slike tilfelle var det ikkje grunnlag for å bruke § 20.

8.2.2.2 Høyringsfråsegn

Få av høyringsinstansane har kome med merknader her. *LO* seier at:

«Bare det faktum at Noreg har et slikt system, har etter våre erfaringar bidratt til å holde useriøse aktører utenfor.»

NITO seier dette:

«...ervervsloven kan bidra til å unngå useriøse investeringer og fiendtlige oppkjøp i norsk næringsliv.»

8.2.2.3 Departementets syn

Det har ikkje kome fram noko vesentleg nytt frå høyringsrunden her bortsett frå at enkelte av høyringsinstansane legg til grunn at lova har ein preventiv effekt. *Departementet* meiner framleis at det er vanskeleg å seie noko sikkert om den preventive effekten av lova og sanksjonane i lova, anna enn det vi alleie har omtalt i høyringsbrevet. I denne samanheng kan det vere interessant

å vise til dei svenske erfaringane då dei oppheva eit liknande regelverk på byrjinga av 1990-talet. Der har ein registrert få negative konsekvensar i form av bedriftsnedleggingar etter at konsesjonsregelverket blei oppheva. Uansett kan ein mogleg preventiv effekt ikkje forsvare at ervervslova framleis skal oppretthaldast.

8.2.3 Fastsetjing av vilkår ved eigarskifte

8.2.3.1 Høyringsbrevet

Ei oppheving av ervervslova inneber òg at departementet ikkje lenger kan setje vilkår ved eigarskifte. Dette vart det også gjort greie for i høyringsbrevet, og departementet omtala spesielt dei sakene som har vore oppe til nærmare prøving. I dei fleste av desse sakene er det stilt vilkår for overdraginga, mellom anna salsvilkår, sjå ervervslova § 17 tredje ledd. Salsvilkåret går ut på at dersom heile eller vesentlege delar av bedrifta skal leggjast ned, kan departementet påleggje eigaren å leggje forholda til rette for forhandlingar om sal til reelle interessentar. Ei eventuell overdraging skal skje på kommersielle vilkår slik at bedrifta ikkje skal seljast på «billigsal». Det gjekk fram av høyringsbrevet at departementet opp gjennom åra (salsvilkåret vart første gong sett i 1989 med heimel i industrikonsesjonslova av 1917) har hatt fleire nedleggingssaker der salsvilkår er påhefta bedrifta. I dei tilfella der salsvilkåret etter tidlegare gitte konsesjonar har vorte utløyst, har gjennomførte sonderingar og forhandlingsrundar gjennomgåande vist at heller ikkje nye potensielle eigarar ser grunnlag for vidare drift under same føresetnader som eksisterande eigarar. Salsvilkåret har derfor i praksis vist seg å ha liten effekt, og det har berre i liten grad vore med på å sikre norske arbeidsplassar, slik intensjonen bak innføringa av salsvilkåret var.

8.2.3.2 Høyringsfråsegn

Det er berre *NHO* av høyringsinstansane som har kome med merknader til punktet om vilkårsfastsetjing etter ervervslova. Med deira kjennskap til dei vilkåra som er sette, meiner dei at vilkåra ikkje framstår som inngripande eller styrande for utviklinga av føretaket, og at det derfor ikkje er naudsynt å oppretthalde ei lov berre for å kunne fastsetje vilkår.

8.2.3.3 Departementets syn

Sidan det berre er *NHO* som har merknader til vilkårsfastsetjing i medhald av ervervslova legg *departementet* til grunn at høyringsinstansane ikkje er usamd i oppfatninga vår om at dei vilkåra som har blitt sette i medhald av ervervslova, i praksis ikkje har vist seg å vere effektive verkemiddel for å sikre arbeidsplassar i Noreg. Ein treng derfor heller ikkje å oppretthalde lova av denne grunn.

8.2.4 Dialog- og påverkarolla til Nærings- og handelsdepartementet

8.2.4.1 Høyringsbrevet

I høyringsbrevet peika departementet på at ervervslova har medført at Nærings- og handelsdepartementet har vore ein aktør ved større eigarskifte i norsk næringsliv. Meldepliktsystemet i ervervslova inneber at departementet får melding om eigarskiftet og skal godkjenne det. Lova gir dessutan høve til

å kunne kommunisere med kjøparen og vere i ein prosess rundt oppkjøpet for å avdekkje og til ein viss grad påverke kva for verknader oppkjøpet kan få for bedrifta. Dersom lova blir oppheva, vil oppkjøp i utgangspunktet kunne skje utan nokon kontakt med departementet. I ein del tilfelle kjem det likevel til å vere kontakt med andre styresmakter, som til dømes Konkurransetilsynet. I større oppkjøpssaker vart det sagt at Nærings- og handelsdepartementet og næringsministeren uansett lovgrunnlag vil ha ei politisk plattform som kan gi grunnlag for ein dialog med aktørane.

8.2.4.2 Høyringsfråsegn

Nokre av høyringsinstansane har kommentert dette. *LO* seier til dømes:

«En rekke saker viser at slik offentlighet på ulike måter har medvirket til prosesser der så vel næringsmessige som lokale interesser blir nærmere vurdert, blant annet sysselsetting, og senere finner sin løsning mellom partene.»

NHO trekkjer fram eit anna synspunkt:

«Vi slutter oss til departementets vurdering av at slik informasjon uansett vil tilflyte myndighetene i saker hvor det er viktig at myndighetene får slik informasjon. Det er ulike interessegrupper som, hver for seg eller sammen, vil være interessert i å rette myndighetenes oppmerksomhet mot kjøpet; ansatte, lokale myndigheter, interesseorganisasjoner og lignende.»

8.2.4.3 Departementets syn

Departementet har merka seg at det er noko ulikt syn på om vi treng ervervslova for å ha kontakt med føretaka både for å føre ein dialog med selskapa og for å kunne påverka dei. Vi meiner at det framleis er mogleg å ha meir uformelle kontaktar som langt på veg kan erstatte den formelle rolla departementet har hatt som følgje av ervervslova. Vi trur også at dei forskjellige interessegruppene kan kome til å kontakte departementet ved enkelte eigarskifte eller andre store endringar i føretaket sjølv utan at ervervslova ligg i botn som «kontaktpunkt», som *NHO* har peika på. Dei forskjellige synspunkta og interessene som gjer seg gjeldande i ei aktuell sak, vil derfor framleis kunne bli lagt fram for styresmaktene.

For å halde seg oppdatert om utviklinga i næringslivet kan departementet òg på eiga hand spele ei meir aktiv og oppsøkjande rolle i forhold til næringslivet for å følgje med på utviklinga i norske bedrifter og dei forskjellige bransjane. Dette bør ikkje berre skje ved eigarskifte, men på eit meir generelt grunnlag. Ein slik kontakt er både i bedriftene og departementet si interesse, og departementet kan dermed halde fast ved si rolle som «påverkar» i slike prosessar.

8.3 Beredskapsomsyn og tryggleiksomsyn

8.3.1 Høyringsbrevet

I høyringsbrevet gjekk det frem at i beredskapssamanheng er Nærings- og handelsdepartementet eit av dei sentrale forsyningsdepartementa, med fagan-

svar for dei næringslivssektorane som ligg innanfor virkeområdet til departementet. Det vil i praksis seie industriell produksjon, omsetning av varer og tenester, bygg- og anleggsverksemd og utanriks skipsfart. Departementet har òg eit særskilt koordineringsansvar for matvareberedskap.

Ervervslova har vore brukt både i forhold til førehandsplanlagde forsyningstiltak i samarbeid med bedrifter og for å få informasjon om eigarskifte. Ervervslova er ein av dei kanalane der departementet har fått presentert kva for planar den nye eigaren har for bedrifta og dermed fått kjennskap til kva for beredskapsmessige verknader eigarskiftet truleg kom til å få. I tillegg har ervervslova vore brukt for å prøve å halde ved lag eit alt etablert beredskapsnivå i tilknytning til enkelttiltak. Ved oppkjøp av bedrifter som departementet har beredskapsopplegg med, som til dømes lageravtale, krisehandelsavtale og konsesjonsvilkår, har den nye eigaren vorte spurd om han er villig til å føre vidare aktuelle beredskapsplikter. I tilknytning til konsesjonsvilkår etter tidlegare konsesjonslovgiving har også andre departement i nokre få saker vore inne i biletet som «brukarar» av lova i samband med ervervssaker der det har vore gjennomført revisjon/oppdateringar av beredskapsvilkår.

Dersom ein opphevar ervervslova, mister departementet sjansen til å ta seg av dei nemnde beredskapsformåla gjennom dette lovverket. Men beredskapsaspektet har ikkje vore den avgjerande grunnen til å etablere ervervslova. Ervervslova er ikkje noko fullgodt alternativ når ein skal løyse problematikken i samband med å halde ved like innanlandsk bransjekompetanse, noko som er viktig for forsyningsberedskapen i Noreg. Slike omsyn bør i staden innarbeidast i det normale beredskapslovverket.

8.3.2 Høyringsfråsegn

Berre to høyringsinstansar har hatt konkrete kommentarar knytt til beredskaps- og tryggleiksomsyn.

Forsvarets overkommando - Sikkerhetsstaben (FO/S) viser i si fråsegn til at det er naudsynt av omsyn til rikets tryggleik og vitale nasjonale tryggingssinteresser å kunne føre kontroll med overtakingar av føretak som har skjermingsverdige informasjon eller eig/kontrollerer skjermingsverdige objekt ved overtakinga. Slike omsyn vert tekne vare på i tryggingsslova og føresegnar gitt med heimel i denne. Lova gjeld i utgangspunktet ikkje andre rettssubjekt enn leverandørar til forvaltningsorgan. Den auka tendensen i seinare tid til privatisering og konkurranseutsetjing i offentleg sektor gjer det naudsynt å utvide verkeområdet til tryggingsslova. I samband med dette seier FO/S at:

«Denne utviklingen kan gjøre det nødvendig at sikkerhetsloven gis anvendelse overfor private rettssubjekter. I en slik situasjon vil det etter FO/S sin oppfatning være behov for en hjemmel til å føre kontroll med erverv av foretak som besitter skjermingsverdige informasjon og/eller objekter. Dette gjelder uansett virksomhetens størrelse.

Ervervsloven med sine begrensninger mht. når meldeplikt inntreffer kan således fremstå som mindre egnet til å ivareta sikkerhetsmessige hensyn. FO/S antar at også denne type ervervskontroll faller noe på siden av hva ervervsloven primært skal ivareta, og såleis mest hensiktsmessig bør reguleres i eller med hjemmel i sikkerhetsloven.

Ervervsloven kan imidlertid i noen utstrekning tjene som en «sikkerhetsventil» inntil annet tilstrekkelig regelverk er gitt. Det bør derfor vurderes om opphevelse bør utstå i påvente av dette.»

Forsvarsdepartementet uttaler at ein i hovudsak deler vurderingane til FO/S, men i motsetnad til FO/S ser ikkje Forsvarsdepartementet at det er behov for å utsetje opphevinga av ervervslova.

Direktoratet for sivilt beredskap (DSB) seier i si fråsegn at:

«Fra et beredskapsmessig ståsted er det uheldig at ervervsloven oppheves fordi departementet mister muligheten til å ivareta sine beredskapsformål gjennom denne loven. Sikring av disse må derfor søkes ivaretatt gjennom annen lovgivning.

I sitt høringsnotat nevner departementet en rekke argumenter for å oppheve loven. Selv om en opphevelse av ervervsloven vil være negativ sett fra en beredskapsmessig synsvinkel, mener vi at de argumenter som NHD har fremlagt til støtte for sitt syn, må tillegges slik vekt at direktoratet gir sin tilslutning til forslaget om å oppheve ervervsloven.»

Justisdepartementet er samd i vurderinga til DSB.

8.3.3 Departementets vurdering

På bakgrunn av høyringssvara meiner *departementet* at det ut frå beredskaps- og tryggleikssyn ikkje er komme fram avgjerande grunnar som tilseier at ervervslova ikkje kan opphevast. Departementet viser til at beredskapsaspektet ikkje var den avgjerande grunnen til å etablere ervervslova. Ervervslova vil derfor langt frå vere noko fullgodt alternativ når ein skal løyse problematikken som høyringsinstansane peikar på. Slike omsyn bør, slik FO/S og DSB tek til orde for, i staden innarbeidast i og bli tatt omsyn til i samband med ein framtidig revisjon av tryggleiks- og beredskapsregelverket. Departementet meiner derfor at det ikkje føreligg tungtvegande grunnar til å avvente opphevinga av ervervslova til anna regelverk på området er komme til.

8.4 Næringsøkonomiske vurderingar

8.4.1 Høyringsbrevet

I høyringsbrevet uttalte departementet at lova verkar inn på dei potensielle gevinstane som er knytte til det å overta ei verksemd og dermed på prisinga av norske bedrifter. Dette knyter seg til dei direkte og indirekte kostnader som kravet om melding av eit eigarskifte inneber.

Særnorske reglar for overtaking av bedrifter kan føre til auka kapitalkostnader for norske selskap, og kan i visse tilfelle påverke i kva grad ein vel å investere i norske verksemdar. Sjølv om det reelt sett kan vere små kostnader i tilknytning til sjølve meldeplikta, kan vissa om at det eksisterer ei slik regulering, skade Noregs omdømme som ein næringsvennleg økonomi, og føre til at elles lønnsame prosjekt ikkje blir realiserte. Det verkar negativt på verdiskapinga i norsk økonomi. Ervervslova kan nok ha vorte oppfatta som eit større reelt hinder enn det ho faktisk har vist seg å vere, fordi dei aller fleste erverva har vorte godkjende utan nærmare prøving, og ingen av erverva har vorte nekta. Lova fører likevel til usikkerheit for investorane og også forseinkingar

i gjennomføringa av transaksjonen. Norsk næringsliv konkurrerer på lik linje med andre land om kapital og investeringar i næringslivet, og vi kan ikkje sjå bort ifrå at ervervslova kan vere eit investeringshinder som medfører at Noreg ikkje blir valt som investeringsland.

Vidare er det direkte og indirekte kostnader i samband med at konkurranse og likviditeten i den innanlandske marknaden blir redusert. Reglane kan medverke til at ein vel gjeldsfinansiering der det hadde vore ønskjeleg med eigenkapitalfinansiering. Norske investorar og finansinstitusjonar kan på denne måten bli pålagde å bere høgare total risiko. Dessutan kan norske bedrifter få redusert tilgang til utanlandske produktmarknader fordi ein mister den marknadstilgangen som ein oppnår gjennom internasjonal eigarskap, ved at ein tilhøyrrer internasjonale marknadsaktørar.

Næringspolitikk må ikkje vurderast i eit statisk perspektiv. Det er ein sentral del av dynamikken i økonomien at nye verksemdar blir etablerte og lite lønnsame verksemdar blir lagde ned eller kjøpte opp. Vi snakkar gjerne om kor viktig det er med «omstilling» og «omstillingsevne». «Omstilling» betyr mellom anna nettopp nedlegging av eksisterande verksemd og oppretting av ny. Verksemd som ikkje er tilstrekkeleg lønnsam, blir lagd ned, og ressursane kan brukast i andre, meir lønnsame verksemdar. Det er på denne måten vi kan oppnå og halde ved lag eit effektivt og konkurransedyktig næringsliv. Sjølv om nedlegging av verksemd kan opplevast som ein tung og vanskeleg prosess for dei involverte, kan det derfor vere ein kortsiktig og kostbar strategi å halde hjula i gang når verksemda har vist seg å ikkje vere livskraftig lenger.

I høyringsbrevet konkluderte departementet med at det ut frå ei samla samfunnsøkonomisk vurdering vil kostnadene knytte til lova vere høgare enn nytten.

8.4.2 Høyringsfråsegn

Departementet har fått brei støtte frå høyringsinstansane også til dette punktet.

NHO meiner at lova hemmer nødvendig omstilling og omstrukturering og uttaler følgjande om dette:

«Ved at oppkjøp av hele eller deler av virksomheter er underlagt myndighetskontroll, gir loven føringer på at andre hensyn enn de bedriftsøkonomiske tillegges vekt ved vurderingen av om ervervet skal aksepteres. Selv om loven er praktisert slik at ingen oppkjøp er nektet godkjent, vil lovens eksistens kunne føre til at nødvendige og riktige oppkjøp og omstruktureringer i næringslivet ikke skjer. Dette vil på sikt hemme en fornuftig og nødvendig omstrukturering av norsk næringsliv. Dette vil kunne hemme verdiskapingen ved å hindre kapital og arbeidskraft i å arbeide i de «riktige» bedriftene.»

NHO meiner at lova òg vil medføre konkurranseulempe og prisreduksjon på norske bedrifter og uttaler at:

«Konkurranse om kapital er virkeligheten for de fleste bedrifter med vekst og ekspansjonsplaner i dagens globaliserte verden. For mange bedrifter er lokalisering valg ikke avhengig av geografisk plassering - bedriftene etablerer seg eller etablerer/kjøper datterselskaper der rammebetingelsene for øvrig er gode. Et eksempel på slike rammebe-

tingelser er kompetent og høyt kvalifisert arbeidskraft, som Norge og andre europeiske land kan tilby. Særlig for slike bedrifter medfører ervervsloven en konkurranseulempe; den er et forsinkende element (behandlingstid i departementet) som medfører kostnader for partene, den medfører usikkerhet mht. om kjøpet materialiserer seg, den medfører ekstra kostnader mht. utarbeidelse av melding m.v. I sum er dette forhold som medfører at tilsvarende bedrifter, for eksempel i de øvrige nordiske land, vil fremstå som mer attraktive å investere i. Dette gjelder også særlig fordi loven omfatter delkjøp av virksomheter.

Fordi en investor i et norsk foretak som rammes av loven må forholde seg til ovennevnte usikkerhets- og forsinkelsesmomenter, vil disse forhold etter all sannsynlighet påvirke den pris som kan oppnås for et kjøp i foretaket, i forhold til den pris en tilsvarende investering i et utenlandsk foretak som ikke er underlagt slike bestemmelser, ville gitt.»

Finansnæringsens Hovedorganisasjon (FNH) støtter òg forslaget om å oppheve ervervslova. FNH sluttar seg til dei omsyna og argumenta som departementet har trekt fram, og meiner òg at lova bør opphevast så raskt som mogleg.

FNH uttaler følgjande:

«Etter FNHs oppfatning representerer ervervsloven en type myndighetsregulering og kontroll som tiden har løpt fra. Loven påfører næringslivet direkte og indirekte kostnader som ikke på noen måte motsvares av nytteeffekten på samfunnets side. Det er grunn til å anta at loven virker bremsende på en ønskelig omstrukturering og omstilling i norsk næringsliv, og påfører bedriftene en konkurranseulempe i forhold til konkurrenter i utlandet og til det internasjonale kapitalmarkedet. Næringslivet påføres ved dette høyere kapitalkostnader enn nødvendig.»

Fråsegnen frå *Oslo Børs* går i same retning, og dei trekkjer fram at:

«Ervervsloven har bidratt til unødige komplisering av restruktureringer som er gjort gjennom aksjemarkedet. Ved å skape formell usikkerhet knyttet til aksjeoverdragelser, er aksjemarkedet tilført usikkerhet som må antas priset inn i aksjene. Det betyr at erververe av meldepliktige aksjeposter vil kunne ha lavere betalingsvillighet hvilket kan gi selgere lavere kurs på sine aksjer. Dernest har problemstillinger knyttet til at erververen ikke har fulle aksjonærrettigheter i meldeplikts- og prøvingsperioden i enkelte tilfelle bidratt til forsinkelse av selskapsovertagelsen, uten tilsynelatende fornuftig grunn. I ett tilfelle bidro dette også til usikkerhet knyttet til børsnotering.»

Norges Forskningsråd har ut frå sin ståstad innan forskning, utvikling og kompetanseutvikling kome med følgjande fråsegn til høyringsbrevet:

«Norge er et lite land med åpen økonomi, og vi er helt avhengig av internasjonale kontakter og forbindelser. Utenlandske eiere bringer ofte nye dimensjoner til en virksomhet, som for eksempel forbedret produktivitet, nye kontakter også på FoU-siden, nye markedsmuligheter og ny kunnskap og erfaring. Vi ser også situasjoner der det er viktig å være stor i et nasjonalt marked, kanskje dominerende. Dette for å ha nok ressurser til kostbar og langsiktig utviklingsaktivitet, som igjen ofte er nødvendig for å kunne hevde seg i et globalt marked, der norske aktører som regel alltid vil være relativt små.»

Når det gjeld kostnadssida meiner *NITO* at kostnadane ikkje kan vere spesielt store, spesielt sett i lys av kva lova kan sikre med omsyn til å unngå useriøse investeringar/fiendtlige oppkjøp. Frå bedrifta si side vil kostnadene til ervervsmelding utgjere særskilt lite (omlag 50 000 kroner pr. melding i følge *NITO*) sett i forhold til dei andre utgiftene ei bedrift har i samband med eit oppkjøp. *NITO* meiner òg at det ikkje er indikasjonar på at ervervslova er skuld i at Noreg er eit mindre attraktivt land å investere i. Det vil vere ei rekkje andre tiltak som kan gjennomførast for å gjere Noreg til eit meir attraktivt land å investere i og som kan føre til større kapitaltilgang. *NITO* set spørsmålsteikn ved om den tida det tek å behandle eit oppkjøp er ei vesentleg ulempe. Dei meiner det er høgst usikkert kor tungt dette veg når ein tek investeringsbeslutningar, og viser til at det vanlegvis tek lenger tid å vurdere eit oppkjøp etter konkurranselovgevinga.

8.4.3 Departementets vurdering

Ut frå dei mottekne høyringsfråsegnene legg *departementet* til grunn at det er brei semje om at dei næringsøkonomiske vurderingane tilseier at lova vert oppheva. Fråsegnene frå næringsorganisasjonane stadfester etter departementets oppfatning at kostnadene ved lova er høgare enn nytten, sjølv om fråsegna frå *NITO* går i motsatt lei. Etter ei samla vurdering legg departementet til grunn at lova også ut frå ein næringsøkonomisk synsvinkel bør opphevast.

8.5 Forholdet til dei tilsette

8.5.1 Innleiing

I høyringsbrevet frå departementet vart det gjeve ei oversikt om kva for rettar dei tilsette har ved eigarskifte etter gjeldande rett, mellom anna retten i medhald av ervervslova til informasjon om kva for verknadar eigarskiftet kan få for dei tilsette. Departementet ynskte å få klarlagt i høyringsrunden om det var behov for å gi fleire reglar om dette i fall ervervslova vart fjerna. Departementet ba derfor om innspel frå høyringsinstansane for å klarleggje dette.

8.5.2 Gjeldande rett

8.5.2.1 Ervervslova

Ervervslova er ei blant fleire lover som har føresegnar om rettane dei tilsette har. Føresegnene i ervervslova kapittel 5 gir dei tilsette i den erverva verksemda rettar når eit erverv er meldepliktig etter lova. Ervervar må etter § 12 i lova informere dei tilsette om ervervet i eit informasjonsmøte. Dei tilsette har rett til å uttale seg til departementet, sjå § 11. Den retten må brukast innan 30 dagar etter at ervervsmeldinga kom til departementet.

8.5.2.2 Arbeidsmiljølova

Den generelle lovgivinga på dette feltet er arbeidsmiljølova og særleg kapittel XII A om rettar ved verksemdsoverdraging o.l.

Siktemålet bak kapittel XII A i arbeidsmiljølova er å verne om rettane og interessene til arbeidstakarane når verksemda blir overført til ein ny innehavar, jf. Ot. prp. nr. 71 (1991 - 92) s. 14. Formålet er å sikre at arbeidsforholda

held fram uavhengig av overføringa, og at arbeidstakarane har uendra vilkår. Det er mellom anna føresegnar om at rettar etter arbeidsavtalen skal overførast, og at overføringa ikkje skal føre til oppseiing i seg sjølv. Det er òg føresegnar om informasjon og drøfting med dei tillitsvalde.

Medan det primære målet med ervervslova er dei involverte bedriftene og verksemdene som blir overdregne, er reguleringa i arbeidsmiljølova retta mot andre rettssubjekt, nemleg arbeidsgjevar og arbeidstakar. Føresegnene i arbeidsmiljølova gjeld når heile eller delar av verksemda vert overdregen, mens føresegnene i ervervslova gjeld når eit erverv er meldepliktig (både aksjekjøp og overtaking av aktiva er omfatta av ervervslova). Ervervslova slår fast at ervervar har ei plikt til å informere dei tilsette. I arbeidsmiljølova er det i motsetnad til ervervslova korkje informasjonsplikt eller fråsegnsrett ved kjøp av aksjepostar i selskapet som eig verksemda. Ein annan skilnad er at det heller ikkje er myndigheitskontroll av prosessen etter reglane i arbeidsmiljølova. Reglane byggjer på ein føresetnad om at heile eller delar av bedrifta/verksemda skal vidareførast ved overdraginga, og at rettane til arbeidstakaren vert sikra. Det er på det reine at lova legg plikter både på den nye og den tidlegare eigaren for å etablere prosessar mellom dei og dei tilsette.

8.5.2.3 Selskapslovgivinga

Det er reglar i aksjelova og allmennaksjelova som sikrar dei tilsette rettar ved fusjonar og fisjonar tilsvarende det som følgjer av arbeidsmiljølova kapittel XII A, jf. allmennaksjelova og aksjelova § 13-11 om fusjonar og § 14-4 tredje ledd i båe lover om fisjonar. Det følgjer av føresegnene at dei tillitsvalde i selskapa som skal fusjonere, skal få informasjon og ha rett til drøfting i samsvar med reglane i arbeidsmiljølova. I dei selskapa som har bedriftsforsamling, skal saka om fusjon leggjast fram før bedriftsforsamlinga, der også dei tilsette er representerte, til uttale.

Dei tilsette i både aksjeselskap og allmennaksjeselskap med fleire enn tretti tilsette (aksjelova og allmennaksjelova § 6-4) har krav på å vere representert i styret i selskapet. Representantane for dei tilsette i styret vil i eigenskap av å vere styremedlem få informasjon om eigarskifte ved aksjeoverdragingar. Hovudregelen i aksjelova er at styret, med mindre noko anna er fastsett i vedtektene, må godkjenne overføring av aksjar til ein ny eigar, jf. aksjelova § 4-16. Dette gjeld ikkje i allmennaksjeselskap der aksjane kan omsetjast fritt med mindre noko anna er fastsett i vedtektene, til dømes samtykke frå styret, jf. allmennaksjelova § 4-15. Ved kjøp av aksjar skal kjøparen straks sende melding om kjøpet til selskapet, jf. aksjelova § 4-12, medan det etter allmennaksjelova § 4-7 er tidlegare eigar som skal sende melding om aksjeeigarskiftet, og meldinga om dette skal sendast verdipapirsentralen. Nye eigarar må dessutan vere innførte i aksjeeigarboka, jf. aksjelova § 4-2, eller i aksjeeigarregisteret, jf. allmennaksjelova § 4-2 for å kunne utøve aksjonærrettar i selskapet. Registreringa er ikkje eit absolutt krav, dersom ervervet er godtgjort på annan måte. Desse reglane vil medverke til at dei tilsette vil få informasjon om eigarskifte i selskapet ved kjøp av aksjepostar.

8.5.2.4 *Tariffavtaler (Hovudavtalen mellom NHO og LO)*

I kapittel 9 i hovudavtalen mellom NHO og LO er det føresegner om informasjon og drøfting med dei tilsette. I motsetnad til føresegnene i arbeidsmiljølova gjeld den tariffbestemte drøftingsplikta ved dei fleste eigarskifte, uavhengig av korleis det skjer formelt rettsleg. Hovudavtalen gjeld ved fusjon, fisjon, heil eller delvis nedlegging av verksemda eller anna rettsleg omorganisering. Leiinga i føretaket skal så tidleg som mogleg drøfte dette med dei tilsette, jf. § 9-5 i avtalen, og ved eigarskifte også sørgje for at det blir halde eit møte mellom dei tillitsvalde og dei nye eigarane om overdraginga. I § 9-16 er det ei føresegn om at leiinga ved eigarskifte i aksjeselskap skal informere dei tillitsvalde om eigarskifte ved kjøp av meir enn 10% eller meir enn 1/3 av aksjane. Vidare følgjer det av føresegna at leiinga så raskt som mogleg skal gjere det dei kan for at den nye eigaren snarast mogleg kan fortelje dei tilsette om kva for planar han har for føretaket.

Hovudavtalen gjeld i bedrifter som er tilknytte NHO og LO.

8.5.2.5 *Europeiske samarbeidsutval*

I forskrift 28.07.2000 nr. 797 er det fastsett føresegner om oppretting/etablering av europeiske samarbeidsutval. Formelt er det ein avtale mellom NHO og LO om etablering av europeiske samarbeidsutval som har blitt gjort gjeldande for alle tilsettingsforhold gjennom forskriften, jf. § 1. Avtalen skal leggje til rette for at det i føretak med verksemd i fleire EØS-land skal vere kontakt og samarbeid med dei tilsette i konsernet. Oppretting av slike organ forutset at det må vere minst 1000 tilsette i konsernet, og at det innanfor minst to EØS-land må vere 150 tilsette i kvart av desse landa.

8.5.2.6 *Direktiv om informasjon og konsultasjon av dei tilsette*

Det er nyleg (18.02.2002) vedteke eit EU-direktiv om informasjon og konsultasjon med dei tilsette for alle føretak med fleire enn tjue tilsette. Dette er førebels ikkje ein del av det norske regelverket, men departementet legg til grunn at direktivet også vil bli ein del av norsk rett som følgje av EØS-avtalen. Direktivet har ei rekkje føresegner som skal sikre at dei tilsette får informasjon og også blir konsulterte om utviklinga i verksemda dei arbeider i.

8.5.2.7 *Direktiv om det europeiske selskap*

EU har vedteke ei forordning (EF 2157/2001 av 8.10.2001 om statutt for det europeiske selskap) om etablering av eit europeisk selskap. Det skal vere mogleg å etablere europeisk selskap frå og med oktober 2004. I samband med forordninga er det gjeve eit direktiv (2001/86/EF av 8.10.2001 om fastsettelse av supplerende bestemmelse for det europeiske selskap (SE) for så vidt angår medarbeiderinnflytelse) med føresegner om medverknad for dei tilsette i europeisk selskap. Forordninga og direktivet vil bli ein del av norsk rett.

8.5.3 Den rettslege stillinga til dei tilsette ved ei oppheving av ervervslova

8.5.3.1 Høyringsfråsegn

Som departementet ba om, har fleire av organisasjonane i høyringa kome med merknader om stillinga til dei tilsette ved ei oppheving av ervervslova. Departementet vel å trekkje fram synspunkta frå LO, NHO og Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Dei andre arbeidstakarorganisasjonane deler synspunkta frå LO.

LO seier følgjande:

«Dersom Bondevik II velger å gå vidare i arbeidet med å oppheve ervervsloven, forutsetter LO at det parallelt foretas et arbeid for å sikre arbeidstakere og tillitsvalgte tilsvarende rettigheter i andre lover. Ervervsloven må opprettholdes inntil tilsvarende rettigheter er innført i annet lovverk. Ervervslovens krav til meldingens innhold må videreføres på en slik måte at de ansatte kan bli kjent med erververens virksomhet og økonomiske situasjon, begrunnelsen for og intensjonen med ervervet - herunder investeringsplaner og ervervets betydning for framtidig virksomhet og sysselsetting. Regelverket må også muliggjøre at slike opplysninger kan tvinges fram. I dag kan de ansatte og tillitsvalgte gjennom sin uttalerett være med på å påvirke at departementet innhenter ytterligere opplysninger om erververen og hans planer. LO ser ingen argumenter for og kan ikke akseptere at disse arbeidstakerrettighetene skal svekkes. Det må bety at den lov der reglene skal videreføres også får bestemmelser som muliggjør kontroll av at opplysningene er fullstendige og korrekte, samt at eventuelle brudd på reglene kan håndheves.»

NHO viser i høyringsfråsegna til omtala av arbeidstakarettane i høyringsnotatet frå departementet og har også sjølv gjort greie for fleire føresegnar. Etter deira syn er forholdet til dei tilsette teke vare på både i anna lovverk og i avtaleverket mellom partane i arbeidslivet. Dessutan peiker dei på reglane som no er vedteke i EU og som etter kvart vil bli ein del av norsk rett. Dei kan derfor ikkje sjå at det trengst fleire reglar om dette.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet nemner for det fyrste at kravet etter ervervslova om informasjon til dei tilsette ikkje alltid vil dekkje dei tilfella der dei tilsette faktisk treng å bli informerte. Dette heng saman med at det ikkje er eit krav etter ervervslova om informasjon i samband med restruktureringar som skjer utanom eigarskifte, til dømes ein reduksjon i sysselsettinga fordi marknadsforholda blir endra. Vidare seier dei følgjande:

«Departementet er av den oppfatning at de ansattes rettigheter inntil videre ivaretas på en tilfredsstillende måte gjennom det regelverk vi for øvrig har i dag selv om ervervsloven oppheves. Videre er utviklingen av medbestemmelse og medinnflytelse for de ansatte på EU-nivå i sterk utvikling, noe som vil få direkte konsekvenser for norsk rett på området. AAD har nedsatt et lovutvalg med sikte på å foreslå ny arbeidslivslov. Utvalget skal blant annet foreta en bred gjennomgang av medbestemmelsesordningene slik de fungerer i dag. Omstillinger på arbeidsplassen vil da være et sentralt stikkord. Utvalget vil også måtte vurdere en eventuell videreføring av de ansattes rett til et informasjonsmøte med erververen ved aksjeerwerb. Dersom en slik regel skal videreføres slik den er i dag, men inntatt i arbeidsmiljøloven, vil det i så fall bli uten den korresponderende retten til å uttale seg til en offentlig

lig kontrollinstans...Departementet konkluderer med at det ikke er behov for å gjøre umiddelbare endringer i arbeidsmiljøloven for å erstatte reglene om informasjon til de ansatte. Medbestemmelse er en sentral del av Arbeidslivslovutvalgets utredning, og det vil være naturlig at de også ser hen til at ervervsloven blir opphevet når disse spørsmålene blir diskutert.»

8.5.3.2 Departementets syn

Ved ei oppheving av ervervslova er det fyrst og fremst ved aksjeoppkjøp at dei tilsette ikkje kjem til å ha den same rett til informasjon som dei har i dag etter ervervslova. Ervervslova kan ikkje haldast ved lag aleine av den grunn at tilsette mister retten til å bli informerte om eigarskifte ved desse aksjeoppkjøpa. Ei oppheving av lova reiser likevel spørsmålet om det bør vurderast å endre anna lovverk for å sikre dei tilsette rett til informasjon om eigarskifte ved aksjeoverdragingar.

Høyringsinstansane er ikkje samde her. LO og dei andre arbeidstakarorganisasjonane meiner det er naudsynt med endringar i anna lovverk, medan både NHO og AAD ikkje kan sjå at det trengst. Som departementet har gjort greie for tidlegare i kapitlet finst det eit omfattande og fragmentarisk regelverk om medverknad frå dei tilsette som også vil dekkje mange tilfelle av aksjeoppkjøp, men ikkje alle. Sjølv om ervervslova blir oppheva vil det framleis vere reglar både i selskapslovgivinga og i avtaleverket som langt på veg vil sikre at dei tilsette blir informerte om aksjeoppkjøp. Ei oppheving av ervervslova vil derfor på ingen måte føre til at dei tilsette vert sette på «bar bakke».

Regjeringa har tatt initiativ til at vi no får ein gjennomgang av reglane om medverknad for dei tilsette i arbeidslivet, og også om reglane bør samlast på ein stad. Det trengst ei samla vurdering for å fange opp alle sider av eit så omfattande emne. Ervervslova er eit døme som viser at ein treng ein samla gjennomgang av lovene på området for å få på plass ein god nok regulering som treff behova dei tilsette har for å medverke ved endringar på sin eigen arbeidsplass. Lova sikrar ikkje dei tilsette medverknad ved større endringar som finn stad utanom eigarskifte, men utelukkande ved eigarskifte. Det er noko usikkert når ein kan få på plass eit nytt regelverk her, men det blir arbeidd ut frå ein tidsplan om at ei ny lov kan vere på plass frå 1. januar 2005. I tida fram til dette meiner departementet at interessene til dei tilsette er tilstrekkeleg tekne vare på i gjeldande reglar. Det er ikkje ønskjeleg å lage ei mellombels løysing medan Arbeidslivslovutvalet arbeider med desse spørsmåla. I tillegg til at ein med dette kan leggje føringar for det arbeidet som skal skje i Arbeidslivslovutvalet, kan ein ikkje utan vidare berre flytte reglane om medverknad frå ervervslova rett over i anna lovverk. Ei ny føresegn vil skape problem både med omsyn til avgrensingar og også lovtekniske spørsmål. Ei innføring av ei føresegn om drøftings- og informasjonsplikt ved aksjekjøp i arbeidsmiljølova, krev ei nærmare vurdering og utgreiing som det er naturleg at Arbeidslivslovutvalet gjer. Departementet vil derfor ikkje tilrå at det blir laga ei mellombels føresegn og viser til at medverknad for dei tilsette, også ved aksjekjøp, vil bli behandla i Arbeidslivslovutvalet.

Dersom ein ser arbeidsmiljølova, Hovudavtalen og aksjelovgivinga i samanheng, er dei tilsette med det eksisterande regelverket sikra informasjon

og drøftingsrett i dei fleste situasjonar der verksemda blir overdregen eller byter eigarar.

8.6 Alternative lovreguleringar

8.6.1 Innleiing

I samband med evalueringsarbeidet og særleg på grunn av ESAs opningsbrev mot ervervslova gjennomførte departementet ei vurdering av behovet for framleis å ha ei lovregulering med myndigheitsgodkjenning av bedriftsoppkjøp i Noreg. Dei ulike alternativa blei omtala i høyringsbrevet, men departementet fann ikkje å kunne tilrå nokon av dei. Nedanfor gjer vi greie for alternativa som har vore vurderte.

8.6.2 Revisjon av den eksisterande lova

Vi har vurdert ein revisjon av ervervslova med heving av meldepliktsgrensene, forenklingar i dokumentasjonskrava og ei klargjering av dei skjønsmessige kriteria i lova for når eit erverv kan takast opp til nærmare prøving og nektast. Ut frå vår erfaring om at den gjeldande lova ikkje fangar opp eit reelt kontrollbehov, kan vi ikkje tilrå ei «flikking» på eit lovverk som ikkje treffer noko særleg betre enn det eksisterande gjer. Det synest å vere ei lite eigna regulering, trass i enkelte lovendringar.

8.6.3 Distriktslov

Eit anna alternativ som har vore vurdert, er å innføre ei ervervslov innanfor avgrensa geografiske område for å fange opp erverv av «hjørnesteinsbedrifter». Det geografiske nedslagsfeltet for ei slik lov vil vere distriktsområda. Ein myndigheitskontroll med oppkjøp i distrikta kan gjere det vanskelegare med etableringar og investeringar i desse områda og gjere det enklare å investere i sentrale strøk og derfor truleg meir attraktivt, noko som høgst sannsynleg fører til at det blir vanskelegare å skaffe nye eigarar til føretak i distrikta. Ei distriktslov inneber dessutan ei vidareføring av ei regulering som i praksis har vist seg å vere eit lite eigna verkemiddel. Vår oppfatning er derfor at eit alternativ med å innføre ei distriktslov er klart uheldig. Også dette alternativet vil vi rå frå.

8.6.4 Informasjonspliktlov

Departementet har òg vurdert å lage ei lov som skal sikre oss informasjon om eigarskifte i næringslivet. Formålet med ei slik lov måtte vere å sikre at departementet får informasjon og moglegheit for dialog ved eigarskifte, og også ha sjanse til å kunne følgje med på utviklinga i selskapet i ettertid. Men ei eigarskiftelov fører til at departementet får informasjon om mange eigarskifte i norsk næringsliv som det i liten grad har behov for å bli informert om. Viktig informasjon om utviklinga i norsk næringsliv og dialogmoglegheita kan fangast opp via andre kanalar, som til dømes ved jamlege kontaktmøte mellom næringslivet og departementet. Vi kan derfor ikkje sjå at det er behov for å lovregulere dette, og kan ikkje rå til eit slikt lovforslag.

8.6.5 Høyringsfråsegn

Høyringsinstansane har ikkje kommentert desse alternativa spesielt, og det har såleis ikkje kome fram at høyringsinstansane ønskjer seg ei anna regulering enn den gjeldande ervervslova sjølv om LO er opptekne av behovet for å avhjelpe manglane i ervervslova.

8.6.6 Departementets syn

Departementet er nøgd med at høyringsinstansane også her synest å vere samde i at det ikkje er fornuftig å setje ei anna lovregulering i staden for ervervslova. Desse forslaga vil derfor ikkje bli omtala vidare.

8.7 Oppsummerande vurdering

Det er store utfordringar i ein open global økonomi som den norske. *Departementet* meiner det er viktig å leggje vekt på dei positive incentiva og å vere oppteken av å styrkje rammevilkåra for næringslivet, og syne fram Noreg som eit attraktivt investeringsland. Det er viktig både for å trekkje verksemd til å etablere seg i Noreg, men også for at ho skal bli verande her i landet. At det er viktig å ha eit slikt fokus i næringspolitikken har også høyringsinstansane peika på.

Både vår eiga erfaring med at behovet for å ha ein eigarskiftekontroll i norsk næringsliv har vore lite, og støtta frå dei fleste høyringsinstansane til forslaget om oppheving av lova, viser at det no er fornuftig å fremje eit forslag om å oppheve ei regulering som tida har gått i frå. Lova har ikkje vore eit effektivt verkemiddel for å sikre næringsverksemd i Noreg, slik intensjonen bak lova var. Lova har utspela si rolle i dagens samfunn med fri flyt av både kapital, verksemd og arbeidskraft på tvers av landegrensene. Ei særnorsk regulering på dette feltet kan ikkje seiast å ha hatt dei ynskte verknadene korkje for norske styresmakter eller for norsk næringsliv, inkludert norske arbeidstakarar.

I tillegg til at det reelle kontrollbehovet med eigarskifte i norsk næringsliv viser seg å vere lite, medfører lova eit unødvendig byråkrati. Lova er heller ikkje spesielt føreseieleg for investorane då det er knytt usikkerheit til om departementet vil gripe inn i ei sak. Lova påfører dessutan norsk næringsliv direkte og indirekte kostnader. Departementet vil òg peike på erfaringane frå Sverige, som oppheva eit tilsvarande lovverk først på 1990-talet. Der har ein registrert få negative konsekvensar i form av bedriftsnedleggingar etter at dette konsesjonslovverket vart oppheva. Andre omsyn som lova til dels har dekt, kan bli tekne vare på utan ervervslova. Mellom anna er rettane til dei tilsette ved eigarskifte, som til dels er regulerte i ervervslova, også regulert på ein god nok måte i anna lovverk.

I høyringsbrevet frå departementet vart det gjort greie for alternative lovreguleringar utan at dei vart anbefalte frå vår side. Desse forslaga har heller ikkje fått støtte frå høyringsinstansane. Departementet er nøgd med at det synast å vere semje om at det ikkje er behov for ei anna lovregulering til erstatning for ervervslova.

Med bakgrunn i både vår eiga oppfatning og tilrådingane frå høyringsinstansane er tida no moden for å foreslå at ervervslova blir oppheva.

9 Merknader til dei enkelte føresegnene

9.1 Kommentatarar til § 1 og § 4

Departementet foreslår i § 1 at ervervslova vert oppheva og i § 4 at dette skjer frå den tid Kongen fastset. Departementet meiner at lova bør kunne opphevast så raskt som mogleg og tek sikte på at ho kan opphevast med verknad frå 1. juli 2002.

Hovudregelen er at lovendringar trer i kraft frå eit årsskifte, men endringar kan òg tre i kraft frå andre tidspunkt, og det mest vanlege er då 1. juli. Departementet meiner det her er gode grunnar for å fråvike hovudregelen. Vi viser til at det ikkje er behov for særskilte informasjonstiltak, overgangsføresegner eller anna tilrettelegging i samband med opphevinga. I tillegg tilseier dei økonomiske og administrative innsparingane som umiddelbart vil kome når lova fell bort, jf. kapittel 10, at lova vert oppheva frå 1. juli 2002.

Erverv av næringsverksemd som det er inngått bindande avtale om før lova vert oppheva, skal det sendast melding om til departementet.

9.2 Kommentatarar til § 2

Det eksisterer i tillegg til vilkår i medhald av ervervslova, òg vilkår i konsesjonar gitt av det tidlegare Industridepartementet og etterfølgjande departement med heimel i kapittel III i industrikonsesjonslova og den allmenne konsesjonslova. I samband med at ervervslova vart vedteken, vart diskriminerande vilkår som vart rekna for å stride mot EØS-avtalen, oppheva. Dei andre vilkåra stod ved lag. Etter søknad kan departementet oppheve vilkår, sjå ervervslova § 24 fjerde ledd. I høyringsbrevet foreslo departementet at alle vilkåra sette i medhald av desse lovene vart oppheva. Vi viser til kapitla 6.3.3 og 8.2.3 for ei nærmare utgreiing om bruken av vilkår etter konsesjonslovene.

Ei oppheving av ervervslova vil føre til at oppkjøp kan skje utan myndighetsgodkjenning, og høve til å setje vilkår fell bort. Departementets grunngiving for å oppheve vilkåra var at dersom dei tidlegare gitte vilkåra skal stå ved lag etter at lova er oppheva, vil dette medføre ei forskjellsbehandling av investorane avhengig av når dei faktisk investerte i norske verksemdar. Departementet meinte at det ikkje er grunn til å ha ei forskjellsbehandling basert på når eit oppkjøp faktisk skjedde. Når ein føreslår at systemet med myndighetskontroll av bedriftsoppkjøp skal opphevast, bør det vere ei likebehandling av alle. Gamle vilkår kan dessutan gjere det vanskelegare for dei bedriftene det vedkjem, å gjennomføre nødvendige omstruktureringar i forhold til andre bedrifter som ikkje er bundne av konsesjonsvilkår. Å halde ved lag vilkår i gamle konsesjonar krev òg at departementet held ved lag ein beredskap for å kontrollere at konsesjonsvilkåra vert følgde.

I høyringsrunden har Justisdepartementet peikt på at ei oppheving av alle gamle vilkår kan føre til at fleire vilkår enn tilsikta vert oppheva. Departementet har derfor vurdert dette på nytt.

Departementet held fast ved at det bør leggjast til rette for at alle aktørar blir behandla likt. Dette inneber at gamle vilkår bør opphevast. Dette vil i all hovudsak vere vilkår som er knytt til verksemda i føretaket og ligg på bedrifta som ei løpande, tyngjande (ikkje tidsavgrensa) plikt som avgrensar eigarens rådsvalde over verksemda, slik som til dømes standardvilkåra og salsvilkåret.

I tillegg kan det i eldre konsesjonar gitt av Industridepartementet og dei etterfølgjande departementa vere sett vilkår av ein annan karakter ved tildelinga av konsesjonen. Dette vil gjerne vere vilkår som er avgrensa i tid og som gjeld ei spesiell plikt som må oppfyllest i samband med tildelinga av konsesjonen. Det kan til dømes vere plikt til avståing av ein del av egedomen for å få konsesjon. Ei oppheving av slike «eingongsvilkår» en bloc kan skape utilsikta verknader og ein uklar rettstilstand. Departementet har ikkje ein fullstendig oversikt over slike vilkår som kan vere fastsett i eldre konsesjonar. Vi meiner derfor at departementet bør ha moglegheit til ei individuell vurdering av om vilkåret i slike tilfelle skal opphevast. Etter ei samla vurdering finn departementet at vilkår av ein slik karakter berre bør opphevast etter søknad til departementet. Vi foreslår derfor ei føresegn der løpande, tyngjande vilkår vert oppheva, medan andre vilkår kan opphevast etter søknad til departementet. Dette inneber at dei fleste vilkåra vert oppheva etter § 2 første ledd. Søknader etter § 2 andre ledd vil antakelig berre vere aktuelt i eit fåtal saker.

9.3 Kommenterar til § 3

Opphevinga av § 2 femte ledd i konsesjonslova frå 1974 er ein naturleg konsekvens av at ervervslova vert oppheva, jf. kapittel 6.3.

10 Økonomiske og administrative konsekvensar

10.1 Innleiing

Ei oppheving av ervervslova inneber store positive økonomiske og administrative konsekvensar både for næringslivet og for det offentlege. Næringslivet slepp monalege direkte og indirekte kostnader når meldeplikta fell bort. Det offentlege, særleg representert ved Nærings- og handelsdepartementet, får frigjort ressursar ved opphevinga. Likevel vil, som det går fram av kapittel 6.3, ei oppheving av ervervslova føre til at nokre av dei meldepliktige erverva i ein periode framover vil bli konsesjonspliktig etter konsesjonslova av 1974, medan dei fleste truleg vil sleppe konsesjonsbehandling. For desse erverva vil det framleis vere knytt kostnader for næringslivet i samband med innsending av søknader og for styresmaktene i samband med behandlinga av desse.

10.2 Konsekvensar for det offentlege

Ei oppheving av ervervslova får ikkje negative økonomiske og administrative konsekvensar for det offentlege. Dersom lova blir oppheva, blir det slutt på at Nærings- og handelsdepartementet behandlar ervervsmeldingar, og ressursane som det har vore nødvendig å avsetje til det, blir frigjorde.

Når departementet har behandla ervervsmeldingar, har det vore behov for å leggje dei fram for fagdepartement til fråsegn. I tillegg blir alle ervervsmeldingane rutinemessig sende til Konkurransetilsynet til orientering. Når ei melding blir teken opp til nærmare prøving, sendes ho på høyring til dei kommunane og fylkeskommunane der det erverva føretaket har verksemd, og til dei tilsette til fråsegn før departementet fattar vedtak i saka.

Dersom ervervslova blir oppheva, får dei involverte fristilt dei ressursane som dei i dag bruker på å følgje opp lova.

Ei oppheving av ervervslova vil vekkje til live att konsesjonsplikta etter konsesjonslova, og konsesjonsstyresmaktene vil kunne få nokre fleire konsesjonssøknader enn tidlegare. Det vil mest sannsynleg vere tale om eit fåtal saker som ikkje vil innebere særleg kostnadsauke for konsesjonsmyndighetene. Dei auka kostnadane det vil medføre vil på langt nær vere like store som reduksjonen i dei administrative og økonomiske kostnadene som har vore knytt til behandlinga av ervervsmeldingane. Samla sett vil ei oppheving av ervervslova derfor medføre mindre kostnader for det offentlege.

10.3 Konsekvensar for private

Dei direkte kostnadene næringslivet har hatt som følgje av ervervslova, er først og fremst utgifter til advokathjelp ved utarbeiding av sjølve ervervsmeldingane. Det er vanskeleg å talfeste kor store dei faktisk er, men ECON har, basert på intervju-undersøkingar, rekna ut at kostnader til advokathjelp varierer frå 10 000 til 300 000 kroner pr. melding. Kor stort beløpet er, varierer mel-

lom anna med storleiken på den oppkjøpte verksemda, og kor mykje av den nødvendige informasjonen som, uavhengig av meldinga, er skaffa fram i samband med ervervet.

Det er vanskeleg å anslå gjennomsnittlege kostnader med å utarbeide ei ervervsmelding. Dersom ein går ut frå at ei gjennomsnittleg ervervsmelding kostar kr. 50 000, gir det ein årleg kostnad på ca. 15 mill. kroner og ca. 100 mill. kroner totalt i perioden 1995 til i dag.

I tillegg til det er det òg indirekte kostnader knytte til innsending og behandling av ervervsmeldingar. Mellom anna fører det til at gjennomføringa av overdraginga blir utsett, noko som kan få negative følgjer for avgjerder og prosessar som er viktige for verksemda. Inntil meldinga er ferdigbehandla, er det ein uavklart situasjon som kan påføre ervervar auka økonomisk risiko i forhold til kundar og leverandørar. Det er rett nok vanskeleg å talfeste desse indirekte kostnadene, men det er ikkje urimeleg å tru at dei indirekte kostnadene er like store som dei direkte kostnadene. Det vil seie at dei samla kostnadene kan kome opp i omlag 30 mill. kroner pr. år. Dei totale kostnadene (direkte og indirekte) for næringslivet for perioden 1995 til i dag kan ha utgjort omlag 200 mill. kroner.

Sidan opphevinga av ervervslova vekkjer til live att konsesjonsplikta etter konsesjonslova, vil det føre til at nokre meldepliktige erverv vil bli konsesjonspliktige etter konsesjonslova. Sjølv om konsesjonsplikta vert aktualisert for nokre av dei meldepliktige erverva, vil kostnadene for næringslivet likevel bli monaleg mindre.

Nærings- og handelsdepartementet

til r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om oppheving av lov om erverv av næringsverksemd.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om oppheving av lov om erverv av næringsverksemd i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om oppheving av lov om erverv av næringsverksemd

§ 1 Oppheving

Lov 23. desember 1994 nr. 79 om erverv av næringsverksemd vert oppheva.

§ 2 Forholdet til eldre konsesjonar og vilkår

Løpande, tyngjande vilkår og føresetnader som tidlegare er fastsette i vedtak av Industridepartementet, Næringsdepartementet, Nærings- og energidepartementet og Nærings- og handelsdepartementet med heimel i lov 14. desember 1917 nr. 16 kapittel III, jf. kap. V, lov 31. mai 1974 nr. 19 og lov 23. desember 1994 nr. 79, vert oppheva.

Andre vilkår kan etter søknad opphevast av departementet.

§ 3 Endringar i andre lover

Lov 31. mai 1974 nr. 19 om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) § 2 femte ledd vert oppheva.

§ 4 Ikraftsetjing

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.
